

# Kulturpolitikk på nynorsk

Synspunkt til kulturmeldinga 2003  
frå Nynorsk kultursentrum 15.11.2002

[www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no)

# **Innhald**

## **Samandrag** **2**

### **Del 1: Perspektiv** **3**

1.1. Bakgrunn	3
1.2. Globalisering og kulturell makt	3
1.3. Nynorsk skriftkultur i den språkløyvde norske kulturen	5
1.4. Kulturelt mangfald	7
1.5. Det nye mediet for dokumentasjon og formidling: Internett	12
1.6. Institusjonane si rolle	12

### **Del 2: Språkpolitikk i kulturpolitikken** **15**

2.1. Språkpolitiske saker som ventar på ei avklaring	15
2.2. Tilstanden: sterkare posisjonar for nynorsk	16
2.3. Utfordringar for nynorsk skriftkultur fram mot 2013	17
2.4. Ei breiare tilnærming til språkpolitikk	19
2.5. Kulturpolitikk gjennom gamle og nye massemedium	23
2.6. Det viktige nye tiltaket: Nynorsk leksikon	25

### **Del 3: Museum, dokumentasjon og formidling** **28**

3.1. Tre roller: dokumentasjon, formidling, aktør	28
3.2. Dei nasjonale ABM-institusjonane	28
3.3. Dokumentasjon og forskning	30
3.4. Kulturpolitikk for barn er ikkje kulturpolitikk for unge	31
3.5. Musikk og scenekunst	32
3.6. Festivalar og kulturarrangement	33

### **Vedlegg**

1. Ottar Grepstad: "Viljen til språk". Årstale nr. 2 om tilstanden for nynorsk skriftkultur

## Samandrag

I dette dokumentet legg Nynorsk kultursentrum særleg vekt på at språkpolitikk bør integrerast i mange delar av ein samla norsk kulturpolitikk. Vi trur også det er nødvendig å gjere *kulturell makt* til ein sentral faktor i norsk kulturpolitikk det neste tiåret.

I del 1 legg vi fram ei forståing av at nynorsk skriftkultur verkar innanfor ein språkløyvd norsk kultur. Det gjer det nødvendig å utvide forståinga av det mykje brukte omgrepet *kulturelt mangfald*. I staden for å sjå norsk kultur som einskapleg er det viktig å ta dei politiske konsekvensane av at Noreg alltid har vore eit fleirkulturelt samfunn, både i forholdet mellom dei to delane av den språkløyvde norske kulturen, og i spenningane mellom fleirtal og ulike etniske minoritetar. Vi legg fram informasjon som syner ein interessant samanheng mellom språkleg og kulturell toleranse, og strekar under behovet for at den geografiske og mentale avstanden mellom innvandrarkulturar og nynorsk skriftkultur må minke kraftig. Vi strekar også under den sentrale rolla ein del nynorskinstitusjonar har spelt og bør spele framleis i norsk kulturpolitikk.

I del 2 minner vi om språkpolitiske saker som ventar på ei avklaring, og presenterer ein tilstandsrapport for nynorsk skriftkultur anno 2002. Blant dei mange utfordringane denne skriftkulturen står overfor, framhevar vi særleg samspelet mellom mållov og bruk av marknadsmakt. Vi minner om kor viktige ein del støtteordningar har vist seg å vere, og at dei faktisk har verka og gitt handfaste resultat. Vi legg særleg vekt på at det å få til eit *Nynorsk leksikon* er det viktige nye reformtiltaket som kan styrkje nynorsk skriftkultur i det komande tiåret.

I del 3 følgjer vi opp eit perspektiv frå del 1 om kor viktige institusjonane er i den praktiske utforminga av ein kulturpolitikk som vil nå breitt ut. Vi strekar under kor avgjerande det er med *nasjonale ABM-institusjonar* og at det vil vere uheldig om desse kjem i klemme i den regionaliseringa som no pregar kulturpolitikken på museumsfeltet. Vi peikar også på viktige skilnader mellom kulturtiltak for barn og for ungdom som bør få kulturpolitiske følgjer.

# Del 1: Perspektiv

## 1.1. Bakgrunn

Nynorsk kultursentrum eig og driv Dei Nynorske Festspela og Ivar Aasen-tunet. Ved opninga av det nye tunet i 2000 tok vi over heile ansvaret for det museet som til då hadde heitt Ivar Aasen-museet. Så vidt vi kan sjå, m.a. ut frå *NOU 1996:7*, var Ivar Aasen-museet det eldste personmuseet i Noreg.

Nynorsk kultursentrum vil spele ei sjølvstendig og kritisk rolle i høve til styresmaktene. I dette ligg at vi vil vere ein aktør i den norske offentlegheita både nasjonalt, regionalt og lokalt, og på vår måte kritisk og konstruktivt vere med og styrkje den nynorske skriftkulturens plass i det norske samfunnet. Det er ikkje vår oppgåve å utøve noko forvaltningsansvar for det offentlege på arbeidsfelta våre, men tvert om øve press mot dei som har det ansvaret. Staten kan på si side ikkje påleggje institusjonen å gjennomføre bestemte tiltak innanfor norsk språkpolitikk. Derimot kan og vil Nynorsk kultursentrum stille sin kompetanse til rådvelde for tiltak som kan styrkje nynorsk skriftkultur.

På kort tid har det utvikla seg nye forståingsformer i diskusjonane kring nynorsk skriftkultur. Dette har dels tilfeldige og individuelle årsaker, dels heng det saman med nye forskingsperspektiv, etableringa av nye institusjonar og at det har danna seg nye samarbeidsmønster nynorskinstitusjonar imellom.

I dette dokumentet legg Nynorsk kultursentrum fram eit meir samla syn på aktuelle kulturpolitiske spørsmål som vedrører samtida og framtida for nynorsk skriftkultur spesielt og dermed for norsk skriftkultur generelt. Vi viser til nokre få kjelder i dokumentet, men har elles bygt mykje av framstillinga på desse nyare skriftene:

- Ottar Grepstad: *Nynorsk faktabok 1998*, 1998
- Elisabeth Bakke og Håvard Teigen (red): *Kampen for språket*, 2001
- Ottar Grepstad: *Det nynorske blikket*, 2002

Som dokumentasjons- og opplevingssenter har vi samstundes lagt vekt på å framheve nokre av dei spørsmåla vi ser som særleg sentrale i det vidare arbeidet med å følgje opp *St.meld. nr. 22 (1999-2000)*.

## 1.2. Globalisering og kulturell makt

Den offentlege kulturpolitikken dei siste tiåra har vore prega av sterke endringar. Etter den omfattande institusjonsbygginga i 1950- og 60-åra blei eigenaktivitet og kunstnarvilkår dominerande i 1970-åra. Dette førte etter kvart til fornya strategiar for kvalitet i form og innhald, samstundes som kulturmeldinga i 1992 etablerte ei forståing av kultur som eit sektorovergripande fenomen. I seinare års kulturpolitiske praksis ser identitet og individualisering ut til å vere to viktige grunnelement.

Vi trur det er nødvendig å gjere *kulturell makt* til ein sentral faktor i norsk kulturpolitikk det komande tiåret.

Forholdet mellom folkevald makt og marknadsmakt har svært mykje å seie for den kulturpolitikken som blir ført. Dette forholdet har endra seg kraftig i det tiåret som er gått sidan ei regjering sist la fram ei kulturmelding. Særleg to internasjonale utviklingstrekk har påverka dette forholdet.

Fram til Muren fall i 1989 hadde folkevald makt og statleg styring på sett og vis utvida sitt område gjennom det meste av 1900-talet. Murens fall endra det europeiske samfunnet, men sette spor etter seg i Noreg. Det same har globaliseringa av økonomien. Statleg styring

og nasjonal kontroll er blitt meir omstridd, og stadig fleire avgjerder er blitt flytta over til området for marknadsmakt. Det gjer også at mange av symbola i nasjonalstaten forvitrar. Norsk som administrasjonsspråk er på vikande front i fleire av dei største norske konserna som har det meste av marknaden sin i andre land.

Ingen slike utviklingstrekk er eintydige eller kategoriske. Samfunnet endrar seg gjennom samspel og motsetnader. Den sterke og aukande interessa for kulturell identitet vitnar om at ikkje alle krefter dreg i same lei og ikkje alle utviklingstrekk peikar mot same resultat. Den auke interessa for kulturens stader verkar såleis som ei motvekt til globaliseringstendensane. Vi reiser meir og orienterer oss meir mot stader enn kanskje nokon gong før. Denne stadfestinga av kultur knyter geografi og kultur sterkare saman enn før. Odda vil hefte ved Frode Grytten slik Sandefjord heftar ved Dag Solstad, slik Bøler er ei viktig side i Tove Nilsens litterære liv, og slik Skogsøya i Vesterålen er det som grunnlag for Herbjørg Wassmo.

Marknadsmakt og globalisering har ikkje hindra at språk og kultur framleis er sentrale element i både nasjonal og internasjonal politikk. I dei nye nasjonalstatane i Aust-Europa er det særleg tydeleg at språk og kultur kan spele ei avgjerande rolle i samhaldet innanfor eit samfunn. At kulturpolitikk også blir viktigare i vårt eige land, tok statssekretær Yngve Slettholm opp i ein tale 10.10.2002:

Kanskje er det slik for de fleste av oss at når det kommer til stykket er faktisk livskvaliteten viktigere enn levestandarden. Jeg er overbevist om at kultur og kulturpolitikk vil stå stadig mer sentralt i årene som kommer.

Arbeidet med Det europeiske charteret for regions- eller minoritetsspråk syner at stadig fleire land arbeider for å sikre sine språk status. Globaliseringa utløyser reaksjonar, og desse reaksjonane slår til dømes ut til fordel for mindre brukte språk. Statsråd Valgerd Svarstad Haugland sa det slik i ein tale 17.11.2001:

Språk er noko meir enn eit instrument for effektiv kommunikasjon. Språket er òg eit organisk uttrykk for ein kultur og ein identitet som folk og nasjonar over heile verda kjenner ein naturleg trong til å dyrka og forsvara.

Dette kjem til uttrykk i Sem-erklæringa, det politiske grunnlaget for regjeringa Bondevik II: Samarbeidsregjeringa vil verna og halda i hevd dei to norske skriftspråka våre, og halda fast ved norsk skriftkultur som ein berebjelke i kulturlivet vårt.

I dag må nynorsk og bokmål oppfattast som integrerte delar i ein språkkloyvd nasjonal felleskultur, som eit uttrykk for eit kulturelt mangfald som det ville vere eit stort tap for Noreg som kulturnasjon å gi avkall på. Men skal eit språk haldast i hevd, må det brukast. Det gjeld også for nynorsk. Då er det ikkje nok å vise til nynorsk litteratur og nynorsk skriftradisjon som eit tilbod for spesielt interesserte. Både praktisk og økonomisk må det leggjast til rette for at nynorsk kan tryggje og styrkje posisjonen sin, som eit levande bruksspråk så vel som eit likeverdig offisielt skriftspråk ved sida av bokmål.

Tre andre stikkord for den kulturpolitiske utviklinga er *individualisering*, *privatisering* og *regionalisering*.

Forholdet mellom individ og fellesskap er i sterk endring. Den auka merksemda for individuelle behov og skilnader stiller fellesordningar også i kulturpolitikken overfor nye utfordringar. Den auka interessa for stad heng også saman med meir interesse for individ og for person. I dette ligg eit behov for autentisitet som må stimulerast gjennom kulturpolitikken, ikkje som ei mekanisk dyrking av det opphavlege, men som ein føresetnad for formidling av tradisjon og samanheng.

Gjennom privatiseringsprosessar blir delar av offentleg verksemd flytta over til andre aktørar og arenaer. Norsk kulturøkonomi er framleis ein blandingsøkonomi og kan knapt bli noko anna. Nokre kulturfunksjonar er og blir slik at det offentlege må ta hand om dei til beste for både fellesskap og individ. Slik er det også i samfunn der offentleg sektor har langt mindre å seie enn i Noreg.

Innanfor offentleg forvaltning i vårt land er ei rekkje funksjonar på flyttefot. Der statlege instansar før var meir eller mindre einerådande, spelar no fylkeskommunar og primærkommunar ei stadig større rolle. Eit hovudspørsmål i norsk kulturpolitikk det komande tiåret vil vere korleis kvaliteten på dei kulturelle tenestene kan haldast oppe viss den regionale og kommunale økonomien ikkje blir betre enn den er i 2003. Kulturell makt føreset økonomisk handlekraft og sterke institusjonelle ordningar.

Kulturøkonomisk vil realiseringa av det store nasjonale prosjektet opera representere eit vegskilje. Realiseringa av operaen og dei generelle økonomiske rammevilkåra gjer det nødvendig å sjå etter tiltak som har relativt låge investerings- og driftskostnader, men som representerer ei brei kontaktflate eller kjem store brukargrupper til gode. Det viktige spørsmålet blir kva slags kulturpolitikk som skal førast etter 2008.

### 1.3. Nynorsk skriftkultur i den språkløyvde norske kulturen

Språkendingar bør forståast som kulturendringar. Ut frå dette kan framveksten av den nynorske skriftkulturen forståast som eit forsøk på å endre kulturen, faktisk eitt av dei mest djuptpløgande forsøka av denne typen som er realiserte i Europa. Det finst få sidestykke til fenomenet nynorsk, eit alternativt skriftmål, normert ut frå vitenskaplege prinsipp på grunnlag av talemålet i den største delen av landet, seinare kontinuerleg demokratisert, men som likevel aldri har etablert seg som det skriftlege bruksspråket til fleirtalet av folket i landet. Men i staden for å døy ut har nynorsken vore ein permanent utfordrar til og i lange periodar ein implisitt normgivar for det dominerande skriftspråket i landet. Nynorsken har vist seg å vere liv laga fordi det ikkje berre dreiar seg om eit skriftspråk, men ein sterk skriftkultur som er djupt forankra i den fellesnorske identiteten.

Knapt nokon er så medvitne om følgjene av sine språkval som dei nynorske forfattarane. Gong på gong må dei svare på det same spørsmålet. ”Kvifor skriv du på nynorsk?” Jon Fosse, vår mest spelte nolevande dramatikar, seier det slik: ”Eg er svært glad i språket mitt. Eg opplever det nedverdige å måtte argumentere for det.”

#### Omgrepet skriftkultur

Med ein skriftkultur tenkjer ein gjerne på skriftspråket og det samla systemet av institusjonar, aktørar og samfunnskrefter som held skriftspråket oppe. eit språk har bygt opp, munnleg så vel som skriftleg, sosialt så vel som institusjonelt.

*Den nynorske skriftkulturen* er ikkje berre ei samlenemning på alt som er eller vil bli skrive på nynorsk, skriv Lars S. Vikør, men ”omfattar heile den infrastrukturen som denne litteraturen utfaldar seg i (opplæringsystem, publiserings- og distribusjonsapparat, bruks- og resepsjonsmønster) og den åndsrørsla som har bore og ber han fram.”<sup>1</sup> Det er ein god definisjon på den institusjonelle sida av skriftkulturen. Heilskapen ved denne skriftkulturen kan likevel først bli synleg når det dynamiske blir inkludert. Også dette er ein kultur som har å gjere med kjensler og subjektivitet, altså med førestellingar om fellesskapar og identitetar.

Nemninga *skriftkultur* peikar i retning av ei avgrensing til det skrivne og trykte. I eit språk som det nynorske er den skriftlege og munnlege sida så tett samanvovne at dette ville vere ei uheldig avgrensing. Vel er det skriftspråket som har bore oppe dei mest produktive formene for kollektiv identitet i det offentlege rommet. I mange normeringstradisjonar er talemålet blitt vurdert ut frå premissane til skriftspråket. Det er skrifta som integrerer moderne menneske inn i dei viktigaste sosiale fellesskapane, eller stengjer dei ute frå dei. Med andre

---

<sup>1</sup> Lars S. Vikør: ”Nynorsk skriftkultur sett i nordisk lys”, i Helga Stave Tvinnereim (red): *Nynorsk skriftkultur – aktuelle forskingsfelt*, Volda 1996, s. 45.

ord er personleg og kollektiv identitet i stor grad betinga av gruppa og individet sitt forhold til skriftmålet. Identitet målber korleis ein oppfattar seg sjølv, korleis ein vil bli oppfatta av andre, og korleis andre oppfattar ein.

Talemålet har gjerne hatt eit sosialt meir avgrensa domene enn skriftspråket, ofte avgrensa til det private eller uformelle. I eit land som Noreg spelar talemål likevel ei viktig rolle i denne identitetsdanninga. Like sidan dei første vedtaka om undervisningsspråk i skulen i 1878 har likevel talemål hatt ein så sterk funksjon jamvel i offentleg kulturpolitikk at talemål også bør inkluderast i nemninga skriftkultur.

### **Omgrepet nynorskbrukar**

Ordet *nynorskbrukar* fekk utbreidd bruk i 1980- og 90-åra. Nokon autoritativ definisjon ligg ikkje føre, men den mest openberre og kanskje minst problematiske tilnærminga er å skilje mellom primær- og sekundærbrukarar av nynorsk skriftspråk.<sup>2</sup>

Ein *primærbrukar* er ein person som bruker nynorsk skriftspråk privat og i størst mogleg grad i arbeid, når han ikkje er nøydd til å bruke bokmål eller det ligg sterke føringar i retning av å bruke bokmål på arbeidsplassen. Ein slik primærbrukar kunne då kallast ein reell nynorskbrukar.

Ein *sekundærbrukar* har nynorsk som sidemål og avgrensar bruken av nynorsk til lesing og lytting, og til pliktig bruk i skule eller i arbeid, som regel då i offentleg teneste. Han snakkar kanskje ei nynorsknaer dialekt, men skriv bokmål og reknar seg subjektivt som bokmålsbrukar.

### **Særtrekk ved den nynorske skriftkulturen**

Frå eit nullpunkt kring 1850 blei nynorsken teken i bruk på stadig nye område. Alle slike nyvinningar har møtt meir eller mindre sterk *motstand*, like fram til i dag. Der den nynorske skriftkulturen har representert noko nytt, er den også blitt motarbeidd. Slik har det vore, og slik vil det vere.

Sjølv om den nynorske skriftkulturen først og fremst gjeld bruken av språk, har verksemda som har vore knytt til denne kulturen, også representert eit viktig *sosialt tiltak* for brukargrupper som omfatta mange fleire enn nynorskbrukarane. Norskdomsrørsla dreiv i det 20. hundreåret over 200 kaffistover, hotell, skular og andre forretningstiltak, og har samla sett disponert over 500 ungdomshus. Enno i dag ligg nær 140 av 214 registrerte ungdomshus i lokalsamfunn utan offentlege kulturbygg.

Nynorsken skil seg frå så godt som alle andre språk som blir brukte av eit mindretal på eit svært vesentleg punkt: Det finst så mange *institusjonar og organisasjonar* som sikrar kontinuitet og systematisk vidareutvikling av den nynorske skriftkulturen. Det Norske Samlaget er det eldste nynorske forlaget. Like fram til 1960-åra var det andre forleggjarar som gav ut dei bøkene som selde mest. No er forlaget i røynda blitt åleine om å garantere breidda i nynorsk bokutgiving: Samlaget står for tre av fire nynorskbøker frå medlemsforlaga i Den norske Forleggerforening.

Nynorsken blei sungen inn i den norske folkesjela. Både *songane og salmane* har hatt svært mykje å seie for den allmenne oppfatninga om og bruken av nynorsk. Sidan 1926 har om lag 40 % av alle godkjende salmar i Den norske kyrkja vore på nynorsk.

Når først den religiøse motviljen mot eit nytt språk om så personlege emne som tru og livssyn hadde lagt seg, vann nynorsken ein sterkare posisjon i *kyrkja* enn dei fleste andre stader i samfunnet. I det 20. hundreåret har nordmenn kjøpt om lag 1,4 millionar eksemplar av Bibelen og Det nye testamentet på nynorsk.

Boka blei teken tidlegare i bruk enn bladet som massemedium for den nynorske skriftkulturen. Men då blada først kom, kom dei i hopetal. Fram til andre verdskrigen blei det

---

<sup>2</sup> Ottar Grepstad: *Nynorsk faktabok 1998*, Oslo 1998, s. 27. Omtalen der byggjer på bidrag frå Lars S. Vikør.

i kortare eller lengre tidsrom utgitt langt over 300 nynorske blad og aviser. Det var gjennom blada lesestoff på nynorsk nådde lengst ut. Kring 1910 var *Den 17de Mai* den nest største dagsavisa i landet. Men éi bok nådde endå vidare: Fram til 1900 var salmebøkene av Elias Blix prenta i minst 214 000 eksemplar.

Den nynorske skriftkulturen representerer ei vesentleg *økonomisk kraft* i det norske samfunnet. Det bur over 200 000 arbeidstakarar i kommunane med nynorsk tenestemål, og det er over 21 000 verksemder i desse kommunane. Som arbeidsgivarar står kommunane og fylkeskommunane med nynorsk tenestemål ansvarlege for meir enn 34 000 årsverk, og dei har ei årleg omsetning på meir enn 22 milliardar kroner.

På svært mange område står kanskje den nynorske skriftkulturen svakare enn midt på 1900-talet. Men denne skriftkulturen er no meir *integrert i det norske samfunnet* enn tidlegare. Difor finst det også område der nynorsk blir meir brukt enn før.

Institusjonar har det med å endre for å kunne bevare, men representerer kontinuitet og verkar stabiliserande. Det er nettopp ein slik stabilitet som pregar situasjonen for nynorsk skriftkultur. Endringane i bruken av nynorsk ovrar seg som små justeringar opp og ned. Situasjonen for nynorsk skriftkultur er stabil, men krevjande, og med mange uløyste oppgåver.

### **Det språkpolitiske prinsippet**

Den formalpolitiske jamstillinga frå 1885 mellom dei to norske målformene står ved lag. Grunnlaget for den demokratisk språkpolitikk i Noreg bør difor vere er erkjenning av at Noreg er eit fleirkulturelt og mangespråkleg samfunn der dei to norske målformene nynorsk og bokmål utgjer det fellesspråket som alle norske statsborgarar må kunne godt og som innbyggjarar skal kunne bruke i alle samanhengar.

Dette språkpolitiske prinsippet har vore kulturpolitisk produktivt og har tilført det norske samfunnet umistelege verdiar. Prinsippet er formelt avgrensa til ein offentleg sektor som er i sterk endring. Innanfor denne sektoren må det haldast i hevd, og vi ser at det også får positive ringverknader utanfor offentleg sektor. Privatiseringsprosessane det siste tiåret har retta merksemd mot marknadsmakt som strategi for positive språkpolitiske nyvinningar. Slik marknadsmakt vil likevel framleis vere avhengig av at det språkpolitiske prinsippet blir ført vidare i offentleg sektor.

## **1.4. Kulturelt mangfald**

Spørsmålet om utvikling av eit kulturelt mangfald står stadig meir sentralt i det allmenne kulturpolitiske ordsiftet. Det er nødvendig å utvide perspektivet på dette fenomenet.

### **Små og store språk**

Databasen *Ethnologue* er laga av den amerikanske bibelomsetjarorganisasjonen Summer Institute of Linguistics. Basen har registrert over 6700 språk i heile verda. Slike oppteljingar vil alltid vere fagleg omstridde, men det er også grenser for kor misvisande eit slikt tal er. Den typiske europeiske tilstand, som i andre verdsdelar, er det fleirspråklege samfunnet. Det typiske for eit språk er at det blir brukt av få menneske. Den engelske språkforskaren David Crystal har peikt på at 5000 av språka i verda blir brukte av færre enn hundre tusen menneske.<sup>3</sup>

Nynorsk er eit mindre brukt språk i Noreg enn bokmål er. Det inneber at nynorsken har mot seg eit fleirtalspress. I dette ligg det innebygd ein mekanisme som ikkje er noko særsyn for tilhøvet mellom bokmål og nynorsk, eller for språklege tilhøve i det heile: Den

---

<sup>3</sup> David Crystal: "This man is worth £100,000 a year", *High Life*, June 2000, s. 104.



som har fått eit overtak, har i kraft av dette ein sterk fordel. Vi kjenner den same mekanismen også i uttrykket "mykje vil ha meir". Difor kan vi heller ikkje ta siger og tap som eit prov for ulik kvalitet. I ein tale 27.4.2002 peika statsråd Valgerd Svarstad Haugland på dette:

Dersom vi kan undrast over noko ved den norske språksituasjon i dag, så er det ikkje at nynorsken står så svakt; nei, det underlege er at han viser seg så livskraftig og produktiv som det han faktisk gjer!

Jamvel om nynorsk er eit mindre brukt språk i Noreg, er det eit stort skriftspråk i verda. Den nynorske skriftkulturen er tungt institusjonalisert, gjennom reglar, ordningar, organisasjonar, verksemder, formelle institusjonar og uformelle tradisjonar. Denne institusjonaliseringa er samstundes den eine vesentlege skilnaden mellom nynorsk og mange andre mindre brukte språk. Den andre viktige forskjellen er at i prinsippet forstår alle innbyggjarar i Noreg nynorsk. Det vi veit om publikumsbruken av radio og fjernsyn, fortel oss at det ikkje er mogleg å leve ein vanleg dag i Noreg utan å høyre nynorsk tale eller lese nynorsk tekst. I den norske kvardagen finst det knapt noka nynorskfri sone lenger.

### **Frå nasjonsbygging til kulturell identitet**

Stat, nasjon og nasjonalisme er verken ideologiske eller motiverande grunntrekk ved det målfolk og nynorskbrukarar elles måtte meine om nynorsk skriftkultur i dag. Der har vore ei utvikling frå nasjonalisme via politisk kulturnasjonalisme over mot ein kulturell og språkleg identitet som no er lausriven frå fenomenet nasjon.

For å kunne gripe viktige trekk ved ein nasjon skapte Benedict Anderson uttrykket *førestelte fellesskapar*, samanslutningar menneske høyrer til fordi dei tenkjer seg til, altså føresteller seg, at dei høyrer i lag med andre som deler denne førestellinga.<sup>4</sup> Sjølv om det er nasjonar Anderson ser på som førestelte fellesskapar, men omgrepet har stor overføringsverdi til andre samfunnsformasjonar. Språk kan vere med og danne ein subjektivt opplevd fellesskap, ein førestelt fellesskap som så å seie er der utan å vere uttalt, men som dermed også kan bli verande vag og utflytande.

Ein slik fellesskap byggjer på ein kollektiv kulturell identitet. Dette har nær sagt til alle tider vore eit grunnleggjande trekk ved ulike samfunnstypar. Slike identitetar blir forma ved at ulike typar grenser blir trekte i høve til den sosiale omverda, og av det samholdet som blir utvikla innanfor den fellesskapen slike avgrensingar formar. Dette føreset at dei som utgjer ein slik avgrensa fellesskap, finn viktige fellestrekk seg imellom.

Eit språk er med og formidlar visse kulturelle erfaringar, tradisjonar, oppfatningar. Men eit språk kan også vere med og forsterke og identifisere - så å seie peike på - slike kulturelle oppfatningar, tradisjonar og erfaringar. For at det skal gi mening å tale om ein identitet, er det ikkje nok med ei bestemt sjølvopfatning. Også utanforståande må ha ei oppfatning som direkte eller indirekte stør opp under denne oppfatninga. Dette kan seiast å vere tilfelle med nynorskbrukarane som språkgruppe. Der finst mange sosiale og politiske skilnader nynorskbrukarar imellom, men dei har eitt fellestrekk i språket, og dette språket er ein integrert del av deira kvardag. Difor gir det mening å tale om ein kulturell kollektiv identitet hos nynorskbrukarar. Denne identiteten er meir kulturell enn nasjonalt orientert og fundert. Den tospråkspolitikken som offisielt er plattform for norsk språkpolitikk i dag, er i røynda ei anerkjenning av nynorskbrukarens kollektive identitetar og dermed rettar.

Framstillinga ovanfor indikerer at det finst fleire forståingsmåtar enn den rådande når det gjeld spørsmålet om fellesskap og identitet, uttrykt slik av statsråd Valgerd Svarstad Haugland i ein tale 22.8.2002:

Av og til kan det virka som den største utfordringa er å klara å sjå verda slik ho faktisk er. Ein kan ikkje sjå bort frå at premissane for den nasjonale kulturpolitikken er vesentleg endra sidan 1970-talet. Eit framtidig nasjonalt fellesskap må byggja på

---

<sup>4</sup> Benedict Anderson: *Forestilte fellesskap*, Oslo 1996.

mangfaldet og det at vi er ulike, og ikkje på førestillinga om *ein* felles identitet, historie eller kulturarv. Det vi skal ta vare på som fellesskap er verdiar knytt til den enkelte samfunnsborgaren sine rettar og plikter, menneskerettar, ytringsfridom, toleranse og respekt for kvarandre.

Vi legg til grunn at det gir meining å tale om ulike kollektive identitetar, og at ein av desse kan knytast til den nynorske skriftkulturen.

### **Kulturelt mangfald**

Til no har drøftingane av *kulturelt mangfald* hatt som grunnlag at norsk kultur er einskapleg. Då blir viktige indrekulturelle forhold og motsetnader borte. Kulturminister Valgerd Svarstad Haugland har sjølv streka under at nynorsk er meir enn eit språk. Den erkjenninga vil få interessante følgjer når ein politikk for fleirkulturelt mangfald skal formast og gjennomførast. Den nynorsk skriftkulturen må difor inkluderast i alle komande diskusjonar om fleirkulturelt mangfald. Språk heng saman med kultur. Kultur heng saman med bruk, som skrivande, lesande og lyttande menneske.

Vi har merka oss at den politiske leiinga ved fleire høve har streka under at det fleirkulturelle Noreg ikkje er noko nytt fenomen. Med tilvising til dei mange etniske minoritetane sa statsråden i ein tale 22.8.2002 at ”Noreg har alltid vore eit fleirkulturelt samfunn.” Sett frå vår synsstad vil vi gjerne streke under at også det som gjerne blir omtalt som den norske, nasjonale felleskulturen, har vore fleirkulturell. Alt uttrykket *motkultur* indikerer dette. Statssekretær Yngve Slettholm kom inn på desse motkulturane si rolle i ein tale 10.10.2002:

Men vi har i ettertid lett for å overse det faktum at det vi gjerne kaller vår nasjonale felleskultur på mange måter også er bygd opp omkring sterke kulturelle og sosiale motsetningar; bare tenk på de såkalte motkulturene knyttet til lekmannskristendom, avholdsbevegelse og målrørslø. Vi har også våre gamle minoriteter som har vært diskriminert og tilsidesatt.

Utfordringen har vært å integrere både motkulturer og minoriteter i den nasjonale felleskulturen. Det er mye av det samme som nå er utfordringen i forhold til våre nye landsmenn.

Vi legg til grunn at desse motkulturane ikkje representerer eit avslutta kapittel og at dei heller ikkje er blitt så integrerte i den norske felleskulturen at dei er blitt borte eller har mista alle sine særtrekk.

*Mangfald* er eit politisk nyord frå 1960-åra. SF talte i 1962 om ”individets mangfold”, Venstre to år etter om ”et samfunn med rommelighet og mangfold”.<sup>5</sup> Ordet blei gjerne knytt til næringsliv, men hadde nok også ei kjelde i dei innsiktene økologien gav på 1960- og 70-talet. Det naturlege mangfaldet i eit økosystem blei til eit sosialt og kulturelt mangfald i det menneskeskapte samfunnet. Utover i 1980-åra blei *mangfald* eit politisk honnørord som etter kvart helst høyrde heime i kulturlivet.

Eit språkleg mangfald er nesten alltid uttrykk for andre skilnader i og mellom menneskegrupper. Det som gjerne blir omtalt i positive vendingar, som eit mangfald, kan altså innebere både svake og sterke motsetnader mellom slike grupper. Den positive overflata av myldrande og mangfaldig kulturliv kan løyne både urettferd og undertrykking.

Når forholdet mellom norsk kultur og innvandarkulturar skal diskuterast, blir gjerne norsk kultur framstilt som ei homogen eining utan noko indre kulturelt mangfald. Ein vanleg inndeling blir dermed den norske majoriteten, det samiske urfolket, nasjonale minoritetar av typen kvenar og romani, og innvandrarakar. Uttrykka *fleirkulturell* og *kulturelt mangfald* blir gjerne brukte som synonym i slike framstillingar. Viss vi oppfattar også norsk kultur som

---

<sup>5</sup> Søk i databasen *Vi vil..! Norske partiprogrammer 1884 – 1997*, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste 1997.

mangfaldig, kan det truleg gi meining å skilje mellom *kulturelt mangfald* og *fleirkulturelt mangfald*.

For at *kulturelt mangfald* skal ha verdi, må det altså dreie seg om eit positivt kulturelt mangfald. Det inneber å møte kulturar du ikkje kjenner, og samstundes bli møtt med respekt. Vidare føreset mangfald eit ikkje-hegemonisk forhold mellom ulike kulturelle uttrykk. Det vil ikkje seie det same som at alt er like viktig eller uviktig. Ei slik forståing ville verke tilslørande på dei kulturelle maktstrukturane. I det ikkje-hegemoniske mangfaldet er der både dynamikk og spenningar. Mangfald er resultatet av ulike sosiale referansar og preferansar. I møtet med innvandrarane må vi bruke alle våre røynsler frå den språkkløyde norske kulturen og frå samkvemmet med dei nasjonale minoritetane samar og kvener.

Mangfald føreset konflikthar som fremjar positive samfunnsendingar. Viljen til språk rommar ein slik konflikt. Språkstriden, skriv Kjartan Fløgstad, ”har mykje av æra for at den norske kulturtradisjonen har vore prega av kamp, og ikkje av pluralisme”.<sup>6</sup>

I dette ligg også at mangfald føreset så vel institusjonelle som formelle og uformelle møteplassar. Truleg er skulen den viktigaste av desse møteplassane og dermed den viktigaste arenaen for at det norske samfunnet skal lykkast i å utvikle eit positivt fleirkulturelt mangfald. Norsk skule vil bli endå meir språkdelt det komande tiåret enn tilfellet har vore i seinare tid. Den vil også bli endå meir kulturdel. Åleine grunnskulen er i ferd med å bli meir delt på kryss og tvers enn tidlegare. Då er vi i lengda ikkje tente med ordningar som sementerer både den geografiske og den mentale avstanden mellom nynorskbrukarar og innvandrarar.

Vi snakkar gjerne om mangfald i eintal, om eitt kulturelt mangfald. Kanskje bør vi heller forstå Noreg som eit samfunn av fleire kulturelle mangfald, eller eit mangfald på fleire nivå, som dannar seg i møtet mellom det indrekulturelle og det ytrekulturelle. Det var eit slikt indrekulturelt mangfald den nynorsk skriftkulturen var med og skapte. No gjeld det å sameine det indrekulturelle og det ytrekulturelle, utan at nokon av mindretala taper.

### **Fleirtal, mindretal og minoritetar**

I kulturpolitikken blir det no nødvendig å *skilje mellom mindretal og etniske minoritetar*. Alt etter samanheng er vi alle i skiftande mindretal og fleirtal. Nynorskbrukarar utgjer eit stort mindretal i Noreg, men er ingen etnisk minoritet. Innvandrarane utgjer ei rekkje etniske minoritetar i Noreg. Det må først ein politikk som ikkje inneber at eit slikt mindretal må gi slepp på hevdvunne eller lovfesta språklege og kulturelle rettar for at andre mindretal eller ulike etniske minoritetar skal få sine rettar oppfylt. Det er då heller ikkje nødvendig. Derimot har fleirtalet truleg mykje å lære av nynorsk-Noreg i spørsmål som vedrører mindretals kulturelle rettar, plikter og behov.

Utlendingar flest oppfattar truleg den språkkløyde norske kulturen som nokså homogen. Dei fleste innvandrarane bur på stader i landet der dei får svært lite kontakt med det nynorske. Dermed får mange nynorske også altfor liten kontakt med dei kulturane innvandrarane representerer. Mange nynorskbrukarar har mindre røynsle med fleirkulturell kontakt enn det som no er vanleg i Noreg. Både den geografiske og mentale avstanden er blitt for stor. Grunnen er at i dei tretti åra vi har hatt ei jamn innvandring frå ikkje-vestlege land, har dei fleste av desse innvandrarane samla seg i landskapet kring Oslofjorden. I det same tidsrommet er truleg ein større del av nynorskbrukarane blitt konsentrerte om dei fire vestlandsfylka.

Spørsmålet er korleis slike skilje verkar inn på haldningane til innvandrarar, som i neste omgang påverkar dei politiske rammevilkåra. Den store verdiundersøkinga Norsk Monitor viser nokre svært interessante mønster. Annakvart år blir fleire hundre spørsmål om verdier og haldningar stilte til eit svært stort utval nordmenn.<sup>7</sup> Over tid gir dette innsyn i korleis nordmenn endrar sine haldningar og verdier. Men dette er også den einaste kjelda til

<sup>6</sup> Kjartan Fløgstad: ”Ikkje utanom Aasen, men over den”, *Syn og Segn* 1983, s. 331.

<sup>7</sup> Grunnlag og innhald er fyldig presentert i Ottar Hellevik: *Nordmenn og det gode liv*, Oslo 1996.

påliteleg kunnskap om forholdet mellom nynorsk skriftkultur og innvandarkulturar. Både i 1999 og 2001 inneheldt undersøkinga eit spørsmål om haldninga til å lese bøker, blad og aviser på nynorsk.<sup>8</sup> Her var det fem svaralternativ å velje mellom:

- Liker godt å lese nynorsk
- Synest det går greitt å lese nynorsk
- Vil helst sleppe å lese nynorsk
- Kan ikkje tenkje meg å lese nynorsk
- Usikker

Gjennom svara kjem det fram viktige variasjonsmønster i haldninga til det å lese nynorsk.

Desse svara kan koplust vidare til svara på tre spørsmål om haldningar til innvandrara. Her fekk svararane presentert to ulike utsegner, og spørsmålet var kva for ei av utsegnene dei var mest samde i. Det første spørsmålet gjaldt utsegner om at innvandrara yter sitt til eit større kulturelt mangfald i Noreg, eller at skikkane deira kan bli ein trussel mot norsk kultur. Det andre gjaldt utsegner om at innvandrara er arbeidssame folk som yter verdfulle bidrag til norsk økonomi, eller at dei utnyttar velferdsordningane våre og får del i gode dei sjølve ikkje har vore med på å skape. Det tredje spørsmålet var om dei liker eller misliker at vi har fått muslimske trussamfunn i Noreg.

Resultatet publiserte Nynorsk kultursentrum i årstale nr. 2 om tilstanden for nynorsk skriftkultur, jf. vedlegg 1. Tendensane er eintydige: Den allmenne velviljen overfor innvandrara er størst når det gjeld kulturelt mangfald generelt, den minkar kraftig når det blir tale om økonomi og velferdsgode, og den er minst når det er tale om at nye religiøse institusjonar tek form i Noreg, så som muslimske trussamfunn. Desse haldningane varierer mykje alt etter kva syn vedkomande har på nynorsk. Dei som liker godt å lese nynorsk, er meir positive enn gjennomsnittet, mens dei som ikkje kan tenkje seg å lese nynorsk, er blant dei mest negative.

Dei som er positive til nynorsk, er også meir positive til innvandrara enn dei nynorsk-negative er. Jo meir positive dei er til nynorsk, jo meir positive er dei også til innvandrara. Av dei som er mest positive til å lese nynorsk, er dei som bur i dei fire vestlandsfylka frå Rogaland til Møre og Romsdal i alle tre tilfella meir positive til innvandrara enn landsgjennomsnittet er.

Eit eintydig mønster kjem til syne. Det seier ikkje noko om årsaker, men det syner eit klart samanfall mellom kulturelle oppfatningar: Språkleg toleranse heng saman med kulturell toleranse. Dette inneber ikkje at alle nynorsk-positive bokmålsbrukarar eller at alle nynorskbrukarar er positive til innvandrara si rolle i det norske samfunnet. Særleg tala for vestlandsfylka tyder på at det er ein god del nynorskbrukarar som er skeptiske, kritiske eller avvisande til innvandrara. Ein blir ikkje eit betre menneske berre ved å bruke nynorsk.

Røynsla med den språkløyvde norske kulturen har vore verdfull: Den nynorske skriftkulturen vore med på å skape eit positivt kulturelt mangfald i Noreg. Når fleirtalet har lært for lite om denne kulturelle toleransen, er det ikkje mindretalet som skal lastast. Samstundes er det tydeleg fleire som er tolerante i kulturelle spørsmål enn når det blir tale om kroner og arbeidsplassar og velferdsgode. Den kulturelle toleransen er lite verd viss den blir isolert og lausriven frå ein allmenn og gjensidig toleranse.

---

<sup>8</sup> Ottar Grepstad: *Viljen til språk*, Årstale nr. 2 om tilstanden for nynorsk skriftkultur 25.9.2002, trykt som manuskript, Ørsta 2002, [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no).

## 1.5. Det nye mediet for dokumentasjon og formidling: Internett

Internett representerer eit nytt medium for dokumentasjon og formidling. Institusjonane kan kome i kontakt med brukarane på heilt andre måtar enn før, og brukarane kan orientere seg i samlingar og informasjon på heilt nye måtar. Når Eining for digital dokumentasjon ved Universitetet i Oslo no digitaliserer alle årgangane av avisa *Fedraheimen* (1877 – 1891), får både forskarar, formidlarar og allmenta dermed lett tilgjenge til eitt av dei viktigaste kjeldeskrifta i den nynorske skriftkulturen.

Digitaliseringa av *Fedraheimen* er viktig også i eit anna perspektiv. Det er ikkje nytt av i dag at teknologi og kulturøkonomi heng saman. Då latinske bokstavar etter kvart erstatta dei gotiske i setjeria her til lands, blei den gamle teknologien rimelegare i bruk. Dette er ei viktig årsak til at høvesvis fleire skrifter på nynorsk blei prenta med gotiske bokstavar enn tilfellet var for skrifter på den tids dansk-norsk. Dette har blitt ei sperre i moderne tradisjonsformidling: Skriftbiletet er blitt for vanskeleg å lese. I digital form blir denne sperra borte. Samstundes strekar dette under den politiske signaleffekten av at nynorsk blir fullt ut integrert i det nye mediet.

Det nye mediet er også i ferd med å utvikle heilt nye samarbeidsformer. Internett opnar for sektoroverskridande samarbeid der berre budsjetttrammer og administrativ fantasi set grensene. Det er no så mange som ønskjer å bruke det nye mediet til dokumentasjon eller formidling at behovet for samordning og samarbeid er blitt presserande. Slik samordning er ein føresetnad for effektiv bruk av offentlege midlar. Det samordningsprosjektet som Nærings- og handelsdepartementet utviklar under nemninga *Norsk innhald på nettet*, kan difor bli eit viktig element i faktisk norsk kulturpolitikk dei komande åra.

Med sin interaktivitet opphevar det nye mediet langt på veg skiljet mellom avsendar og mottakar, mellom formidlar og brukar. Særleg i møtet med yngre aldersgrupper opnar dette for kulturpolitiske tiltak basert på eigenaktivitet. Difor er det særskild viktig at det blir meir bruk av nynorsk på Internett. Norsk språkråd har gjort systematiske søk i norskspråklege sider på Internett som syner at 6,5 % av desse var på nynorsk i 2001, mot 5,5 % i 1999. Nynorsk blir vesentleg mindre brukt på Internett enn i andre medium. Her finst det gode planar for prosjekt som kan endre dette vesentleg.

## 1.6. Institusjonane si rolle

### Dei nasjonale institusjonane

Like sidan 1945 har institusjonane vore ein hjørnestein i norsk kulturpolitikk. Det har vore viktig å etablere institusjonar og la desse utvikle seg – film, teater, biletkunst m.m. I dag er institusjonane si rolle endra. I det kulturpolitiske ordskiftet er det teke til orde for at ialfall nokre av desse nasjonale institusjonane bør brytast opp eller endrast kraftig. Både globaliseringa, den styrkte marknadsmakta og ei aukande individualisering motverkar institusjonane si utvikling. Ønskjer vi at nasjonale kulturinstitusjonar framleis er ein nødvendig føresetnad for ei god samfunnsutvikling, må det offentlege også vere viljug til å satse på slike institusjonar. Samstundes må institusjonane sjølve jage etter det gode og vere viktige for mange.

I dei kulturelle og politiske brytingane vi står overfor, treng vi kulturinstitusjonane kanskje meir enn nokon gong. Det må ikkje hindre oss i å stille krav til institusjonane. Særleg nasjonale institusjonar må kunne løyse oppgåver som marknaden ikkje dekkjer. Dette føreset at dei får gode nok rammevilkår.

## Dei nynorske institusjonane

Den nynorske skriftkulturen er boren oppe og blir utvikla i eit samspel mellom dei individuelle nynorskbrukarane og dei kollektive ordningane og institusjonane. På svært mange område av samfunnet er det etablert viktige nynorskinstitusjonar: kyrkje, kommunar, skular, kringkasting, aviser, forlag, teater, museum, bibliotek, arkiv, organisasjonar. Nokre av desse institusjonane er blitt oppretta nettopp for å dekkje behov innanfor den nynorske skriftkulturen, til dømes Det Norske Teatret og Nynorsk kultursentrum. Andre dekkjer slike behov i kraft av sine samla nasjonale oppgåver, slik NRK er døme på.

Skulen, kyrkja og medieinstitusjonar som presse, radio og tv har vore avgjerande for den posisjonen nynorsk skriftkultur har i dag. Vedtak om liturgisk språk, om bruk av Blix-salmane og seinare *Nynorsk salmebok*, og om hovudmål i undervisninga i dei einskilde skulekrinsane, har vore særst viktige. Alt dette var vedtak som blei fatta etter den tids demokratiske modellar og system, gjerne ved at ein kulturell elite bygde alliansar og fann fram til sine nærmaste. Dokumentasjon som Nynorsk kultursentrum har under arbeid, syner at det var med solid fleirtal nynorsk blei røysta inn i både skule og kyrkje, mens det jamt over er med knappe marginar at nynorsk er blitt røysta ut att der det har skjedd. Nynorsken kom i meir bruk fordi det var nokon som hevda sin vilje til språk og valde nynorsk i staden for noko anna. Nynorsken kom inn gjennom demokratiske prosessar, og kan difor også berre sjaltast ut gjennom tilsvarande demokratiske prosessar.

Nynorsken blei altså ikkje innført ovanfrå. Alliansar måtte til; fleire enn eliten måtte ønskje å gjere seg eller barna sine til nynorskbrukarar. Det blir ingen nynorsk salmesong i kyrkja berre fordi klokkaren, presten og læraren ønskjer det. Kyrkjelyden må sjølv kjenne at det er rett og godt å bruke desse salmane.

Resultatet av desse demokratiske prosessane er tydeleg. I kvart enkelt tilfelle var det eit fleirtal som valde dette mindretalsspråket. I Noreg sett under eitt er nynorsk eit mindre brukt språk. Men den nynorske skriftkulturen har ein så sentral plass i det norske samfunnet at i delar av landet er det bokmål, ikkje nynorsk, som er det mindre brukte språket. Det same mønsteret vil vi finne om vi går inn i grupper av folk, eller i samfunnsinstitusjonar som skulen eller kyrkja. Også bokmål er eit sidemål.

Dei spesifikke nynorskinstitusjonane må sjølve vise at nynorsk skriftkultur framleis er viktig og har sin plass i det norske samfunnet. Framtida for nynorsk skriftkultur har så mykje å seie for norsk kultur generelt at dette ansvaret likevel ikkje kan overlatast til desse institusjonane åleine. Internasjonalt ser vi at dei språka som står seg best, er dei med institusjonar av ein viss storleik. Det er difor viktig at også dei spesifikke nynorskinstitusjonane kan vere så store at dei har den kritiske massen som må til for å stå imot press.

Nynorskinstitusjonane samarbeider tettare enn dei nokon gong har gjort. Det viser att i både politiske prioriteringar og praktiske tiltak. Nedslagsfeltet for nynorskinstitusjonane omfattar fleire enn nynorskbrukarane. Summen av det arbeidet desse institusjonane gjer, meiner vi har vore eit viktig bidrag til at den generelle språklege toleransen er større i Noreg i dag enn for tretti år sidan. Difor er det også viktig at dei i den samla norske kulturpolitikken får rammevilkår som i røynda kan styrkje det arbeidet dei gjer.

## Dei regionale og lokale institusjonane

At kulturinstitusjonar kan vere ein viktig del av ein samla norsk desentraliseringspolitikk, og dermed vere ei viss motvekt til den rådande sentraliseringa, tok statssekretær Yngve Slettholm opp i ein tale 8.10.2002:

Det finnes også mange sider ved en nasjonal kulturpolitikk som godt kan realiseres uten den sterke institusjonelle sentralisering og den sterke konsentrasjon om hovedstaden som på andre områder er vanskeligere å unngå. Et godt eksempel er museumssektoren.

Dei nynorske institusjonane kryssar desse grensene mellom det nasjonale og det lokale. Det Norske Teatret verkar til dømes innanfor storbyen og lokalsamfunnet Oslo, men er også ein tung aktør i utøvande nasjonal kulturpolitikk. Nasjonale funksjonar kan utøvast sjølv om ein institusjon er lokalisert langt unna hovudstaden; til tider kan det vere lettare å dekkje slike funksjonar når der er ein slik avstand.

Gjennom auka samarbeid, gjerne sektoroverskridande, vil mange skilnader mellom nasjonale og regionale institusjonar bli viska ut. Likevel vil og bør det vere slik at referanserammene er ulike.

## Del 2: Språkpolitikk i kulturpolitikken

### 2.1. Språkpolitiske saker som ventar på ei avklaring

Både regjeringa og Stortinget har tidlegare uttrykt gledelege språkpolitiske ambisjonar med kulturmeldinga. Vi tillet oss å minne både om den generelle tilnærminga og dei konkrete sakene som blei varsla i samband med siste målbruksmelding:

- Det generelle presset på norsk språk og kultur
- Verkeområde for mållova
- Dataprogram på begge målformer
- Utvikling av ein språkbank
- Utvikling av Norsk språkråd
- Språkkommisjon

I *St.meld. nr. 9 (2001–2002) Målbruk i offentleg teneste* skriv regjeringa (pkt. 1.1):

Reglane om målbruk i staten bør helst sjåast i ein større språkpolitisk samanheng, og meldinga frå 1997 hadde eit breiare perspektiv enn det som er strengt nødvendig etter lova. Ho tok opp verksemda i Norsk språkråd, fleire aspekt ved temaet språk og teknologi, og ho drøfta følgjene av den tiltakande fristillinga av statleg verksemd for reguleringa av tilhøvet mellom bokmål og nynorsk. Desse og andre språkpolitiske spørsmål vil det vera naturleg å arbeida vidare med innanfor ramma av ei seinare kulturmelding. Vi viser her til at presset på norsk språk og kultur i kjølvatnet av globaliseringa og den teknologiske utviklinga var eit tema som spesielt blei trekt fram da familie-, kultur- og administrasjonskomiteen i 1999 bad departementet ta til å førebu grunnlaget for ei ny kulturmelding. I den meldinga som no ligg føre, vil dei nemnde spørsmåla berre bli behandla så langt det gjeld status og vidare prosedyre.”

Om verkeområdet for mållova skriv regjeringa i den same stortingsmeldinga:

Grensene treng ikkje trekkjast parallelt for mållova og lova om offentleg innsyn, for lovene har ulikt formål. Likevel kan det vera uheldig å ta standpunkt til verkeområdet for mållova heilt uavhengig av den utgreinga som no skjer i høve til lova om offentleg innsyn. Dette utvalsarbeidet skal etter planen avsluttast innan 1. juli 2002.

Departementet vil difor arbeida vidare med denne saka og vil koma tilbake til spørsmålet i ei seinare generell kulturmelding.

Om språk og IKT heiter det i meldinga om *Plan for IKT og norsk språk* frå Norsk språkråd 2001:

Både før og etter at planen blei lagd fram, har det vore arbeidt meir substansielt med særleg to hovudspørsmål. Det eine er korleis staten skal bruka marknadsmakta si til å syta for at dei vanlege dataprogramma skal vera å få både i ein nynorsk- og ein bokmålsversjon. Det andre er korleis ein skal gå fram for å få bygd opp ein såkalla språkbank, dvs. ei samling av norske språkressursar i form av store mengder tekst og tale som er elektronisk lagra og tilrettelagde for ulike typar bruk og gjenbruk, særleg tenkt nytta til utvikling av språkteknologiske produkt på norsk. Departementet vil i samarbeid med Norsk språkråd og andre relevante aktørar arbeida vidare med dei nemnde spørsmåla og koma tilbake til desse mellom anna i ei seinare generell kulturmelding.

Stortinget slutta seg til dette i *Innst. S. nr. 109 (2001-2002) Innstilling frå familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om målbruk i offentleg teneste St.meld. nr. 9 (2001-2002)*:

F l e i r t a l e t har merka seg at departementet legg opp til at den varsla kulturmeldinga skal innehalde vurderingar om korleis staten skal bruke



marknadsmakta si til å syte for at dei vanlege dataprogramma skal vere å få både i ein nynorsk- og ein bokmålsversjon.

I sine innlegg i Stortinget under behandlinga av målbruksmeldinga 9.4.2002 streka kultur- og kyrkjeminister Valgerd Svarstad Haugland under at både verkeområdet for mållova og dataprogram på begge målformer var spørsmål som ville få ei avklaring i kulturmeldinga. Regjeringa varsla elles den gongen at kulturmeldinga ville ta opp att spørsmåla om ein statleg språkkommisjon og ei opprusting av Norsk språkråd.

Nynorsk kultursentrum legg vekt på at desse sakene får ei god politisk avklaring i den nye kulturmeldinga.

## 2.2. Tilstanden: sterkare posisjonar for nynorsk

Tilstanden for nynorsk skriftkultur er prega av stabilitet, men med store variasjonar i bruk og utbreiing:

- *Nynorskbrukarar*: Hausten 2000 gjennomførte Norsk Gallup på oppdrag frå Riksmålsforbundet ei gransking der 4077 nordmenn blei spurde om dei brukte nynorsk eller bokmål eller begge målformer like mykje i private samanhengar. 8,5 % svarte nynorsk og 5,3 % begge målformer like mykje. Dei siste er truleg i stor grad nynorskbrukarar som har flytta til bokmålskommunar og difor vekslar på. Samla utgjer dei som brukar nynorsk 13,8 %. Dette svarar til i overkant av 600 000 nynorskbrukarar i Noreg.
- *Kommunar*: 116 (27 %) av dei 434 norske kommunane har gjort vedtak nynorsk som administrasjonsspråk. 162 (37 %) har gjort vedtak om bokmål, medan 156 (36 %) er nøytrale. Dei fleste 'nøytrale' er i praksis bokmålskommunar, men med nokre viktige unntak, som Odda og Hol.
- *Fylke*: 92 av nynorskkommunane ligg i vestlandsfylka, som alle har nynorsk som fleirtalsmålform (nynorskvedtak i eit fleirtal av kommunane). Desse fire fylka har dermed nynorsk som administrasjonsspråk i høve til staten.
- *Byar*: Sogn og Fjordane er det einaste fylket der 100 % av kommunane har valt nynorsk. I dei andre fylka er mønsteret at byane har gjort vedtak om bokmål (Stavanger, Haugesund, Kristiansund) eller er nøytrale (Bergen, Ålesund, Molde) og i praksis er bokmålskommunar.
- *Grunnskulen*: Skuleåret 2000-01 hadde 15 % (89 000) grunnskuleelevar nynorsk som hovudmål. I dei fire vestlandsfylka har 46 % av elevane nynorsk som hovudmål, og i desse fire fylka finn ein 86 % av alle nynorskelevane i landet. Sogn og Fjordane er det einaste fylket der nynorsk er bortimot einerådande i grunnskulen (96 % av elevane). På andre plass kjem Møre og Romsdal med 56 % nynorsk.
- *Arbeidsliv*: Det bur over 200 000 arbeidstakarar i kommunane med nynorsk tenestemål, og det er over 21 000 verksemder i desse kommunane. Som arbeidsgivarar står kommunane og fylkeskommunane med nynorsk tenestemål ansvarlege for meir enn 34 000 årsverk, og dei har ei årleg omsetning på i overkant av 22 milliardar kroner (1998-tal).
- *Presse*: Av 208 aviser i Norske Avisers Landsforbund og/eller Landslaget for lokalaviser blir 49 (24 %) redigerte på nynorsk og 21 på begge målformer. Nynorskavisene er likevel gjennomgåande mindre enn bokmålsavisene, og nynorskavisene stod for vel 6 % av nettoopplaget medan dei språkkloyvde avisene stod for 5 % (1997-tal).

Stoda for nynorsk i det norske samfunnet i dag kan truleg oppsummerast med at språket aldri har stått så sterkt som i dag. Det kan synast rart når ein veit at nynorskbrukarane sin prosentdel av det norske folket er halvert sidan krigen og den geografiske utbreiinga har

gått kraftig tilbake i det same tidsrommet. Men det nynorsken har tapt i ei relativt overflatisk utbreiing, har han teke att på fleire felt:

- Nynorsk har i aukande grad blitt eit *landsdelsspråk* for Vestlandet. I 1947 budde 56 % av nynorskelevane i vestlandsfylka, i 1967 hadde dette talet auka til 75 %, og i 2001 budde 86 % av nynorskelevane på Vestlandet. Tilbakegangen etter krigen har særleg råka Trøndelag, Nord-Noreg og Agder.
- Nynorsk har fått eit langt *sterkare fotfeste i dei stroka der han blir mykje brukt*, og den språklege tyngdekrafta verkar i mange nynorskkommunar til fordel for nynorsken. Det har ein t.d. sett den siste generasjonen ved at stadig fleire lokale bedrifter har teke i bruk nynorsk.
- Nynorsk har fått eit *mykje sterkare institusjonelt rotfeste* i det offisielle Noreg: skuleverk, offentleg forvaltning, radio og fjernsyn, kunst og litteratur, akademisk liv osv. Språkkløyvinga er institusjonalisert i lovgjevinga, og det er etablert støtteordningar som er svært viktige for nynorsk skriftkultur, som parallellutgåvestøtta til lærebøker, innkjøpsordninga for skjønnlitteratur og ikkje minst pressestøtta.
- Mange *fleire nordmenn møter nynorsk i kvardagen* no enn tidlegare, og nynorsken har etter kvart fått ein lite omstridd og sjølv sagt plass i det norske samfunnet jamført med stoda for berre ein generasjon sidan. Det ser ein tydeleg ved at knapt nokon lenger reagerer på at programleiarar på svært sentrale sendeflater i radio og fjernsyn nyttar nynorsk, eller at fjernsynsprogram blir teksta på nynorsk.

Den posisjonen nynorsk skriftkultur har no, kan sjåast som resultatet av spenningane mellom det sterke regionaliseringa av nynorsk som kvardagsspråk og den sterke nasjonale institusjonaliseringa av denne skriftkulturen.

## 2.3. utfordringar for nynorsk skriftkultur fram mot 2013

200-årsjubileet for Ivar Aasens fødsel i 2013 opnar for heilt andre perspektiv enn markeringa av hundreårsminnet for hans død i 1996. Språk- og kulturpolitisk vil difor 2013 vere eit viktig skilje for nynorsk skriftkultur.

I vedlegg D til søknad om statstilskot for 2003 har Nynorsk kultursentrum gått grundig inn på det vi ser som nokre viktige oppgåver i arbeidet for å styrkje nynorsk skriftkultur:

- Allmenn elektronisk kunnskapsbase på nynorsk
- Språkleg jamstelling også innanfor IKT
- Betre sidemålsundervisning
- Auka løyvingar til allmenne støtteordningar som har sær mykje å seie for nynorsk skriftkultur
- Ny og offensiv giv for nynorsk målbruk i staten

Vi viser til dette dokumentet, men går nedanfor inn på dei sentrale utfordringane.

### To norske skriftkulturar

Nynorsk er meir enn eit språk. Nynorsk er ikkje berre ein skriftkode og ein variant av norsk, nynorsk er òg ein heil skriftkultur som har fått sitt kulturelle særpreg gjennom 150 års bruk og utvikling. Nynorsk og bokmål er utgangspunktet for kvar sin skriftkultur som har levd gjennom eit langvarig motsetnadsforhold og stått mot kvarandre på fleire punkt: talemålsgrunnlag, nasjonalt utgangspunkt, sosiokulturelt ankerfeste, geografisk utbreiing, talet på brukarar, allmennpolitisk grunnlag m.m. Og ikkje minst er nynorsk skriftkultur prega av å heile tida å ha stått i ein mindretalsposisjon i Noreg. Når ein med omgrepet *målform* talar om nynorsk og bokmål som to ulike *former* av *eitt* språk, 'norsk', står ein i fare for å underkommunisere at det også er to ulike skriftkulturar ein snakkar om. Stortinget tok i juni

2002 eit viktig steg bort frå denne tenkinga med å fjerne 'samnorskparagrafen' i lov om norsk språkråd.

Statsråd Valgerd Svarstad Haugland formidla ei viktig innsikt i det språklege skiljet i Noreg då ho i ein tale 17.11.2001 sa:

At nynorsk er meir enn eit språk, ja, det er eg for min del ikkje i tvil om. Berre ein rask sveip over dei siste 150 åra i målsoga vår burde vera nok til å fortelja oss det. Og når vi ser historisk på det, kan det heller ikkje vera å ta i – å svara ja på spørsmålet om nynorsk mot bokmål representerer eit kulturelt skilje, ikkje berre eit språkleg. Kanskje har det kulturelle skiljet vore vel så markert som det reint språklege?

Historia har resultert i at det norske samfunnet er kløyvt i to skriftkulturar der båe språkgrupper både ut frå vanlege rettferdsprinsipp og moderne internasjonal språkrettstenking har krav på å få bruke og utvikle sitt språk. I praksis må dette først og fremst formast ut i ein politikk som støt opp om den veikaste parten, nynorsken. Dette prinsippet ligg då òg til grunn for norsk språklovgjeving.

Samstundes må båe skriftkulturar tilkjennast ein rett til å kjempe vidare for *sitt* syn. Målstriden har vore avgjerande for den språklege vitaliteten i Noreg, og ein kan i dag spørje om språkfredspolitikken dei siste 30–40 åra har teke bort noko av denne vitaliteten. Eit utslag er at språk og språkpolitikk i mindre grad er noko som får politisk merksemd og ikkje står høgt opp på lista over det dei politiske partia er opptekne av. Det er truleg ei av dei viktigaste forklaringane på at det så langt ikkje er etablert eit kraftfullt forsvar mot angloamerikansk språkverknad i Noreg. Offisiell norsk språkpolitikk bør ha som eit utgangspunkt at det ikkje nødvendigvis er noko gale å kjempe for språket sitt, men at det må stå sentralt å sikre like tevlevilkår og å demme opp for uheldig språkleg maktbruk overfor den veikaste parten.

Nynorsk kultursentrum vil streke under den sentrale og konstruktive rolla **Noregs Mållag** har spelt i norsk språkpolitikk og dermed i norsk kulturpolitikk.

### **Trugande utviklingstrekk**

Det er likevel ikkje først og fremst eit slikt rosenraudt bilete som møter den jamne nynorskbrukaren i kvardagen. Mange av problema i dag vil truleg bli forsterka i det komande tiåret, og nye store utfordringar vil kome til. Desse utfordringane kan i prinsippet delast i to: Dei som gjeld heile det norske språksamfunnet (både bokmål og nynorsk), og dei som gjeld nynorsk åleine.

Både bokmål og nynorsk kan kome under stadig sterkare press frå angloamerikansk språk. Vi kan alt registrere eit urovekkjande domenetap innanfor dei internasjonalt orienterte delane av norsk næringsliv, forskning, IKT og delar av kultur- og underhaldningsbransjen. Som fleire lenge har peika på, vil domenetapet til engelsk i første omgang skje på dei nemnde områda der bokmålet er einerådande eller sterkt dominerande. På kort sikt kan såleis nynorsken kome styrka ut av eit auka press frå engelsk i høve til bokmål. Ein finn likevel knapt nokon på nynorsksida som på ramme alvor meiner det vil vere ein fordel for nynorsken å byte ut bokmål med engelsk.

Utviklingsdrag som rettar seg meir einseitig mot nynorsk, som den veikaste parten, er ikkje mindre trugande:

- *Marknadsmakt og kommersialisering avløyser offentleg styring:* Nynorsk skriftkultur har som regel blitt taparen når ein fri marknad gir den sterkaste rett. Nynorsk har tilsvarande vore avhengig av å få eit pusterom gjennom politiske verkemiddel om lovgiving og, i ein viss grad, økonomisk støtte. Dette er ikkje noko eineståande for nynorsk. Det er regelen heller enn unntaket at nasjonalspråk som blir utsette for press, blir styrkte gjennom politiske tiltak. Vernet av fransk språk er eit godt døme på at dette også gjeld språksamfunn som er mykje større enn vårt. Pressestøtta er eit godt norsk døme på ei støtteordning som ikkje er språkpolitisk grunnleggjande, men som i sum er viktigare for nynorsk som mediaspråk enn for bokmål som mediaspråk. I den grad denne typen generelle

støtteordningar blir avvikla, vil det difor oftare vere til større skade for nynorsk enn bokmål.

- *Sentralisering*: Bokmål dominerer i dei største byane og på det sentrale Austlandet, og sentraliseringa på dei aller fleste områda i det norske samfunnet fører til at det er bokmålsområda som styrkjer seg på kostnad av nynorskområda, som i større grad er spreiddbygde. Auka mobilitet motverkar til ein viss grad dette.
- *Domeneproblem*: Nynorsk står framleis svakt på ei rad viktige samfunnsfelt der språket tradisjonelt har hatt dårleg fotfeste. Innanfor kultursektoren gjeld det sentrale felt som dei største riksavisene, veke- og fagpressa, filmindustrien og det meste av underhaldningsindustrien, ikkje minst den som er retta mot born og unge. Samanlikna med tradisjonane innanfor trykkmedium, radio og fjernsyn er fråværet av nynorsk i norsk film så påfallande at det kallar på tiltak.
- *Små nynorskinstitusjonar*: Alle institusjonar som har som ein del av føremålet å arbeide for nynorsk, er små (med unntak av Det Norske Teatret) og utan tilgang til privat kapital. Dei har dermed dårlege føresetnader for å møte ein situasjon med hardare tevling mot kommersielle bokmålsaktørar på sine felt. Alle tunge nysatsingar i desse institusjonane er avhengige av offentleg finansiering og politisk velvilje.

### **Etablerte posisjonar og ordningar**

Den nynorske skriftkulturen treng nye tiltak for å tryggje og styrkje sin eigen posisjon. Slike nyvinningar må ikkje gå på kostnad på etablerte institusjonar og ordningar som er velfungerande og som har vist seg å vere føremålstenlege. Både ein del generelle støtteordningar og meir selektive tiltak må haldast oppe og styrkjast, viss det skal gi meining å tale om at begge dei norske skriftspråka skal haldast i hevd.

### **Best mogleg og effektiv bruk av offentlege midlar**

Der er behov for endring og fornying i arbeidet til mang ein institusjon fordi samfunnsutviklinga krev det. Heile tida er det også naudsynt med best mogleg og effektiv bruk av offentlege midlar. Når Institusjons-Noreg er i endring, blir det då viktig å vurdere korleis den samla ressursbruken kan fremje dei måla som blir sette.

Nynorsk kultursentrum har merka seg det som står i framlegget til statsbudsjett for 2003 om endring og fornying av Norsk språkråd. Generelt trur vi det vil vere til nytte for norske borgarar at Språkrådet kan få ei slik fornya rolle. Rettskrivingsspørsmål bør framleis vere ei viktig oppgåve for staten, men andre sider av offentleg språkpolitikk bør no meir fram i lyset. Samstundes arbeider NRK med å utvikle eit eige nynorsk kompetansesenter i Førde. Konsekvensen av desse endringane kan vere at det oppstår nye samarbeidsflater iallfall mellom tre institusjonar: Norsk språkråd, NRK og Nynorsk kultursentrum. Det vil vere fornuftig at desse tre institusjonane utviklar eit tett samarbeid som kan fremje ei viss fordeling av oppgåver og samordning av større tiltak ut frå eit mogleg felles mål om at det skal kome brukarane til gode, og at det skal styrkje norsk språk generelt og nynorsk spesielt. Nynorsk kultursentrum tek gjerne initiativ til eit slikt første møte.

## **2.4. Ei breiare tilnærming til språkpolitikk**

Gjennom heile 1900-talet blei det sett fram mange prognosar om den norske språkutviklinga. I ettertid kan vi slå fast at knapt nokon av desse prognosane slo til. I språkpolitikken er situasjonsanalyse og tiltak viktigare enn spådomar om framtida. Ein offentleg språkpolitikk bør difor utformast i eit tiårsperspektiv og konsentrerast om det som det offentlege kan gjere noko med.

Utfordringane både for det norske språksamfunnet allment og nynorsk skriftkultur særskilt tilseier ei langt breiare tilnærming til språkpolitikken enn tidlegare, og på det generelle planet er dette noko av det viktigaste ei kulturmelding kan slå fast. I tillegg til dei spesifikke språkpolitiske verkemidla bør ein i større grad enn tidlegare vere viljug til å sjå på dei språkpolitiske perspektiva innfor andre politiske område, og ein bør i større grad vere viljug til å ta språkpolitiske omsyn i utforminga av tiltak som i utgangspunktet ikkje har noko med språkpolitikk å gjere.

To døme kan vise kor naudsynt dette er: 1) Då Stoltenberg-regjeringa la fram mediemeldinga hausten 2001, stod det ikkje eitt ord i meldinga om kva pressestøtta har å seie for nynorsk mediespråk trass i at dette er den viktigaste enkeltstående støtteordninga for nynorsk skriftkultur. 2) Bondevik II-regjeringa fekk i juni 2002 tilslutning frå fleirtalet i Stortinget til å endre universitets- og høgskulelova slik at det ikkje lenger skal vere eit prinsipielt og symbolsk krav om at undervisninga til vanleg skal gå føre seg på norsk. Dette viser korleis avgjerder kan vere sektorovergripande.

### **Domenetap til engelsk**

Kulturmeldinga bør innehalde ei oppsummering av alle støtteordningar og andre tiltak som direkte eller indirekte er til støtte for norsk språk på utsette felt, og dessutan summere opp dei felta der det i dag er etablert for dårleg språkforsvar. Vi tillet oss særleg å peike på desse felta:

- *IKT*: Sjølv om det kjem fleire norskspråklege program, er framleis svært mange dataprogram og mykje viktig innhald på Internett berre tilgjengelege på engelsk. Utvikling av norskspråkleg programvare og versjonering til norsk av utanlandske program er viktig, ikkje minst for born og unge.
- *Forskning og høgare utdanning*: På fleire fag har det blitt regelen heller enn unntaket at førelesingar for norske studentar går føre seg på engelsk og at jamvel studentoppgåver blir skrivne på engelsk, ikkje berre forskingstekstar som skal publiserast internasjonalt. Denne utviklinga er eit akutt trugsmål mot norsk som fagspråk i dei mest utsette faga.
- *Næringsliv*: Fleire store internasjonalt orienterte norske bedrifter har innført engelsk som internspråk, også for kommunikasjon mellom tilsette i Noreg. Dette er med på å skape nye og unødvendige hinder i arbeidslivet.
- *Underhaldning*: Svært mange norske populærtistar brukar engelsk sjølv om dei berre rettar seg mot ein norsk marknad, og innanfor den kommersielle barne- og ungdomskulturen er det òg store innslag av engelsk.

Eit generelt problem er domenetapet ikkje er systematisk kartlagt. Det bør vere ei prioritert oppgåve å få utført ei slik gransking for å danne grunnlag for seinare tiltak. Det ville vere særleg interessant å få avklara om domenetapet så langt har vore eit større problem for bokmål som det mest brukte språket, enn for nynorsk.

Nynorsk kultursentrum ser ikkje grunnlag for å feste lit til den utbreidde defaitistiske spådomen om at norsk språk vil gå dukken i løpet av 50–100 år same kva ein gjer. Endringar i grammatikken og bruken av eit språk tek svært lang tid, både av demografiske og andre grunnar, medan endringar i ordtilfanget skjer raskt. Ser ein på dei 6000 språka i verda, er både bokmål og nynorsk mellom dei mykje brukte språka og i den kategorien som har størst sjansar for å overleve. Alt skulle såleis tilseie at framtida til norsk språk i første rekkje er avhengig av den politiske viljen i Noreg til å setje inn tiltak for å halde oppe og vidareutvikle dei to nasjonalspråka våre.

Eit svært godt grunnlag er lagt gjennom *Plan for IKT og norsk språk* frå Norsk språkråd i 2001. Vi er likevel svært urolege for at planen og språkstyrkingsarbeidet ikkje har fått dei nødvendige ressursane og den nødvendige politiske tyngda.

## **Fagterminologi og framandspråklege ordbøker**

Noreg er blitt eit kunnskapsamfunn med stadig meir fagekspertise og dermed meir fagterminologi. Både for kommunikasjonen innanfor desse fagmiljøa og for møtet mellom lek og lærd er det viktig at styresmaktene stimulerer arbeidet med utvikling av fagterminologi på begge dei norske målformene.

Avisa Dag og Tid har hausten 2002 dokumentert kor ille stelt det er med framandspråklege ordbøker til og frå nynorsk. Dette vitnar om at det aldri er blitt utvikla nokon plan for denne delen av norsk skriftkultur. Globalisering, internasjonalisering og meir bruk av framandspråk i høgare utdanning gjer det heilt nødvendig at norske borgarar har godt tilgjenge til slike oppslagsverk i si eiga målform. Eit sektorovergripande samarbeid mellom fleire departement kan bli nødvendig for å løyse denne oppgåva.

## **Norsk Ordbok**

Den planlagde opptrappinga av arbeidet med Norsk Ordbok fram til 2014 er eit positivt tiltak som har fått brei tilslutning også frå sentrale nynorsk miljø. Dermed er denne institusjonen i ferd med å bli eit endå tyngre fagmiljø med mange høgt kvalifiserte medarbeidarar. Nynorsk kultursentrum vil streke under at det no er viktig at opptrappingsplanen faktisk blir realisert. Skulle også denne opptrappinga smuldre opp slik at det heile på ny endar i langdrag, vil det heile verke noko meiningslaust.

## **Målbruk i offentleg verksemd**

Målbruksmeldinga frå 2001 la opp til at det skal setjast eit treårsprosjekt for å skape ny giv for nynorsk målbruk i staten, noko Stortinget slutta seg til. Nynorsk kultursentrum trur dette kan bli eit svært viktig steg framover i arbeidet for å oppfylle mållova, og det er heilt i tråd med våre grunntankar om at det skal bli lettare å vere nynorskbrukar og at det må leggjast større vekt på positiv motivasjon for å styrkje nynorskbruken. Nynorsk kultursentrum stiller seg til disposisjon for departementet og Norsk språkråd i arbeidet med å realisere treårsssatsinga.

Den viktigaste uavklara saka innanfor offentleg målbruk er spørsmålet om verkeområdet for mållova. To målbruksmeldingar har alt oppsummert at mållova er mykje svekt sidan 1981 gjennom fristilling og delprivatisering av tidlegare forvaltningsorgan. Det er viktig ikkje minst fordi det gjeld fleire store verksemdar med mykje publikumskontakt. Rapporten frå Lilleholt-utvalet frå september 2000 er ein framifrå gjennomgang av stoda.

I siste målbruksmelding var spørsmålet om verkeområdet utsett fordi ein venta på utgreiinga frå utvalet som vurderte lova om offentleg innsyn. Departementet ville difor vente med å kome tilbake til saka til ei seinare kulturmelding.

Nynorsk kultursentrum meiner det er svært viktig at desse spørsmåla får ei prinsipiell avklaring i kulturmeldinga som *raskt* kan føre til dei naudsynte endringane av lov om offentleg målbruk. Spørsmål kring målbruken i helseføretaka, Posten, NSB og Luftfartsverket det siste året er gode døme på at det trengst ei snarleg avklaring.

Det er avgjerande at målbruksreglar også skal gjelde statstilknytte verksemdar som ikkje er statsorgan i tradisjonell tyding skal, men her bør dei kunne få ei enklare form. Når KKD kjem med eit slikt eventuelt forenkla lovframlegg, må det særleg leggjast vekt på at verksemdar som har mykje publikumskontakt skal ha høge krav til bruk av begge målformer, og at særleg den delen av kommunikasjonen som når publikum skal vere underlagd målbrukskrav.

Målbrukskrava bør framleis gjelde for tidlegare statsorgan også etter at dei er omdanna, men framleis utøver overlag viktige samfunnsfunksjonar med utstrekt språkleg kommunikasjon med borgarane, uavhengig av eigar- og organisasjonsform. Nynorsk kultursentrum blir gjerne med på drøftingar om korleis eit slikt regelverk kan utformast i praksis. Vi vil her særleg minne om dei mange omkalfatringane i offentleg sektor på regionalt nivå i forholdet mellom fylkesmann og fylkeskommune. Her må det ikkje vere tvil om kva

reglar som gjeld, og kva ansvar dei offentlege institusjonane har.

**Landssamanslutninga av nynorskkommunar** bør få arbeidsvilkår til å styrkje sitt målretta arbeid overfor offentleg sektor.

### **Flytting av statlege arbeidsplassar til nynorskkommunane**

Ein svært viktig grunn til at statsorgana har problem med å oppfylle krava i mållova, er at dei aller fleste av dei ligg i hovudstadsområdet og rekrutterer tilsette herifrå. Nynorskbrukarar er dermed kraftig underrepresenterte i staten. Ei breiare tilnærming til språkpolitikken bør føre med seg at ein òg vurderer korleis rekrutteringspolitikken til staten og lokaliseringa av statsorgan kan påverke målbruken. Landssamanslutninga av nynorskkommunar la 5.2.2002 fram ei liste der det går fram at Barneombodet, Vinmonopolet, Riksantikvaren, Pensjonstrygda for sjømenn, Statens bygningstekniske etat og Statsbygg er dei statsorgana som bryt mållova mest. Omsynet til målbruken bør vere eit sjølvstendig argument i prosessen kring utflytting av statlege arbeidsplassar frå Oslo-området, og det bør vere eit omsyn som tel med i lokaliseringsspørsmål.

### **Nynorsk i næringslivet**

I ein situasjon der marknadsmakt avløyer tradisjonell forvaltningsmakt og offentleg styring, blir òg målbruken innanfor næringslivet og den private sektoren viktigare. Mest direkte ser ein det på dei mange statsorgana som har blitt fristilte og del- eller heilprivatiserte dei siste åra. Ein ser òg klare tendensar til at ein meir marknadorientert retorikk og tankegang breier seg i offentleg forvaltning.

Det er ikkje Nynorsk kultursentrum si oppgåve å ta stilling til om dette er ei heldig utvikling eller ikkje. Men det er vår oppgåve å seie klart frå om at desse endringane, som er eit resultat av politiske avgjerder, også må få den følgja at ein er villig til å tilpasse språkpolitiske verkemiddel til den nye situasjonen. Når det gjeld offentlege verksemder som staten framleis har den direkte styringa med, uavhengig av eigar- og organisasjonsform, er nøkkelen ei endring av verkeområdet for mållova.

Men språkpolitikken bør også liggje framom denne utviklinga og i større grad sjå på korleis det offentlege kan ha innverknad på måljamstellinga i privat sektor. Det finst ingen samla dokumentasjon av språkbruken i privat næringsliv, men vi meiner temmeleg sikkert å ha observert to motstridande tendensar over tid:

- Fleire av dei om lag 21 000 registrerte bedriftene i nynorskkommunane brukar nynorsk aktivt i marknadsføringa enn før. Nynorsk har blitt 'stovereint' som marknadsføringsspråk. Først og fremst gjeld dette bedrifter som vender seg mot ein lokal nynorskbrukande marknad og rekrutterer nynorskbrukande medarbeidarar. Men det gjeld òg i aukande grad bedrifter som brukar nynorsk overfor ein bokmålsbrukande marknad som ein lekk i profileringa og vektlegging av særpreg og identitet, særleg innanfor reiseliv, næringsmiddelproduksjon og lokalt handverk.
- Lokale nynorskbrukande bedrifter må i aukande grad gi tapt for store landsfemnande kjeder som har hovudkontor og marknadsavdelingar i Oslo-området og berre bruker bokmål i marknadsføringa. Kjodemakta har styrkt seg raskast innanfor daglegvarebransjen, men ein ser den same utviklinga innanfor alle bransjar.

Dette er eit språkbruksfelt som så langt har falle utanfor det som offentleg språkpolitikk femner om. Slik bør det ikkje lenger vere sidan språkbruken i næringslivet får meir og meir å seie for framtida til norsk språk totalt sett. Nynorsk kultursentrum etterlyser ikkje i første rekkje eit offentleg engasjement gjennom 'negative' verkemiddel som lovregulering etter fransk mønster. Det som i første omgang trengst, ein analyse av situasjonen og i neste omgang 'positive' og motiverande verkemiddel som språkprisar, opplærings- og rådgjevingstilbod, støtte til prosjekt som tek sikte på å auke bruken av nynorsk i næringslivet osb.

## 2.5. Kulturpolitikk gjennom gamle og nye massemedium

### Den viktige pressestøtta

Det er eit stort problem for nynorsk skriftkultur at dei største riksavisene og mykje av veke- og fagpressa ikkje slepper til nynorsk på redaksjonell plass. Difor har dei mange mindre norske avisene mykje å seie for nynorskens plass i mediesamfunnet.

Pressestøtta er den viktigaste enkeltstående støtteordninga for nynorsk skriftkultur sjølv om omsynet til språkleg jamstelling ikkje er ein del av grunngevinga for ordninga. Dei einaste riksavisene som slepper til nynorsk på redaksjonell plass, er Nationen, Vårt Land, Klassekampen og Dagen. Alle desse får støtte som meiningsberande aviser. I tillegg kjem eit særskilt tilskot til vekeavisa **Dag og Tid** og tilskot til **Nynorsk pressekontor**; begge desse har mykje å seie for nynorsk som mediespråk.

Grunnstammen i den nynorske pressa er likevel lokalavisene. Nynorsk kultursentrum har lagt fram dokumentasjon som syner at om lag 70 av dei vel 200 norske avisene er lokalaviser som brukar nynorsk eller både nynorsk og bokmål på redaksjonell plass.<sup>9</sup> Av desse fekk 54 aviser pressestøtte i 2000. Fell pressestøtta bort, vil mange av desse avisene få problem. Difor er det språkpolitisk viktig å få fram kva pressestøtta har å seie for nynorsk skriftkultur. Dette vil vere å føre inn eit nytt moment i grunngevinga for denne viktige ordninga.

### Radio og tv

Det er knapt mogleg å overvurdere NRK si rolle i utbreiinga av nynorsk som mediespråk. Denne sterke tradisjonen er den direkte årsaka til at også ein kommersiell kanal som TV2 har kunna gi mykje sendetid til bruk av nynorsk og nynorsknære dialektar. Den tilrådinga om minst 25 % nynorsk i NRK som kom frå Stortinget i 1970, er aldri blitt oppfylt, men har verka som ein konstruktiv handlingsregel. Av verbal sendetid i 2001 utgjorde nynorsk såleis 12 % i NRK1 og 25 % i NRK2, og i radio 27 % i NRK P1, 22 % i NRK 2 og 27 % i NRK Petre. Utan den målretta kompetansen ein del distriktskontor i NRK representerer, ville dette knapt vore mogleg.

NRK har signalisert på ymse vis at 25 %-tilrådinga er vanskeleg å handtere. Vi vil gjerne slå fast at den har verka, som ein del av ein samla språkleg mediepolitikk, og at den bør først vidare. I det komande tiåret trur vi likevel det er nødvendig å supplere denne handlingsregelen med tiltak som kan gjere det mogleg å etterleve tilrådinga. Det let seg ikkje gjere å følge opp dette utan systematiske rekrutteringstiltak for fleire nynorskbrukande journalistar. Slike tiltak bør drøftast saman med relevante utdanningsinstitusjonar, NRK og ein del større medieverksemder med tilknytning til nynorskmiljø.

Nynorsk kultursentrum har merka seg vedtaket i styret i NRK om å skipe eit kompetansesenter for nynorske mediespråk i Førde. Gjennom syttiår har NRK vore den fremste brukaren av nynorsk i etermedia, og denne bruken har hatt mange positive kulturpolitiske verknader. Kompetansesenteret må bli stort nok til at det kan etablere fagleg tyngd, det må knytast til ein levande dagleg bruk av nynorsk i etermedia, og det ville vere ein fordel om det etter kvart kan få ei slik form at også andre etermedieinstitusjonar enn NRK kan og vil nytte tenester frå eit slikt senter. Som eit mindre brukt språk enn bokmål treng nynorskmiljøa slike målretta tiltak, som i denne samanhengen kan knytast til ei meir systematisk politikk for rekruttering av nynorskbrukarar til m.a. NRK.

Nynorsk kultursentrum synest ikkje krav til sendingar på nynorsk var tydeleg nok formulerte i den siste utlysinga av TV2-konsesjonen. Når situasjonen er ein språkløyvd

---

<sup>9</sup> Ottar Grepstad: "Det nynorske blikket", Årstale nr. 1 om tilstanden for nynorsk skriftkultur 26.9.2001, prenta i Grepstad: *Det nynorske blikket*, Oslo 2002.



norsk kultur, er det ikkje nok å leggje inn føresetnader om norskspråklege program generelt. Ved seinare utlysingar bør krava vere klarare og meir forpliktande.

### **Bokutgiving**

På alle område i kultursektoren er kvalitet med god grunn blitt eit overordna krav. Å måle kvalitet i absolutte kategoriar let seg knapt gjere, mens kvantitative mål kan handterast på heilt anna vis. Det finst likevel visse indikatorar som kan seie noko om korleis det står til med kvalitet ut frå skiljet nynorsk – bokmål.

Brageprisen er den einaste litteraturprisen som heile bokbransjen står bak. Prisutdelingane frå og med 1992 gir eit interessant grunnlagsmateriale i så måte. Nynorsk kultursentrum kan no leggje fram dokumentasjon som syner at i åra 1992 – 2002 er 157 bøker blitt nominerte til Brageprisen. Av desse er 31 på nynorsk, eller 20 %. Blant dei 60 vinnarane er det 13 nynorskbøker, eller 21 %.

Berre bøker utgitt av medlemsforlag i Den norske Forleggerforening kan nominerast til prisen. Tilgjengeleg statistikk i *Nynorsk faktabok 1998* syner at nynorskbøkene i 1990-åra utgjer berre 6 % av alle titlane frå medlemsforlaga. Ei oppteljing vi har gjort av boktitlar i Forleggerforeningens katalog *Årets Bøker 2002* syner at 9 % av alle bøkene som er presenterte der, er på nynorsk. Bøker på nynorsk ser altså ut til å stå sterkare i kvalitet enn i kvantitet.

Det er med andre ord ikkje den litterære kvaliteten som er til hinder for at desse bøkene kan bli spreidde som dei fortener i bokklubbar og bokhandlar. Dette dømet illustrerer samstundes at det å satse på at marknaden skal ta stadig fleire avgjerder også på det kulturelle feltet, samstundes som ein vil fremje kvalitet som ei overordna norm, ikkje går i hop.

Den aukande kommersialiseringa og eigarskapskonsentrasjonen i bokbransjen er eit stadig større problem for nynorsklitteraturen. Det har diverre blitt slik at Det Norske Samlaget bortimot er åleine om å gje ut bøker på nynorsk, og mange av dei problema Det Norske Samlaget har møtt dei siste åra, har vore eit resultat av den aukande kontrollen til dei største grupperingane i bokbransjen. For å motverke dette bør det innførast dei same eigarskapsavgrensingane i bokbransjen som i dagspresse, radio og fjernsyn, og bokbransjen bør underleggjast kontrollfunksjonen til Eigarskapstilsynet.

Vidare er det avgjerande for å halde oppe eit variert boktilbod, også på nynorsk, og for distribusjon over heile landet, å halde på ordninga med fastpris. Dette bør sikrast gjennom ei eiga lov om fastpris på bøker. Mva-fritaket må førast vidare for både bøker og aviser. Inntektstapet for staten er vesentleg, men ordninga er utan tvil med og held oppe den posisjonen det trykte ord har i Noreg.

Nynorsk kultursentrum vil streke under den sentrale rolla *Det Norske Samlaget* har greidd å utvikle i norsk bokbransje og dermed i norsk kulturliv. I ei erkjenning av at denne posisjonen og rolla ikkje må gjerast avhengig av forlagets marknadsmakt, bør den offentlege støtta til institusjonen auke.

### **Informasjonsteknologi**

Sjølv om nynorsk til ein viss grad har fått innpass på IT-feltet, må ein generelt slå fast at nynorsk har tapt kampen for bokmål på dette feltet så langt. Dette er i første rekkje eit resultat av at det offentlege ikkje har gått inn med regulerande og kompenserte tiltak på IT-feltet, i motsetnad til på ei rad andre felt. Det lovfesta parallellutgåvekravet for skuleverket har i praksis berre i svært liten grad blitt gjennomført når det gjeld digitale læremiddel og programvare, og staten sjølv krev berre unntaksvis at programvare som blir utvikla for eller kjøpte inn av offentlege etatar skal liggje føre i nynorskversjon. Det har lenge vore eit svært sentralt krav frå nynorskmiljøa at staten som eit minstekrav må gjennomføre nedfelte språklege jamstillingsprinsipp i sin eigen praksis på feltet. I praksis vil dette først og fremst

seie å stille klare måljamstillingskrav ved innkjøp av programvare til offentlege etatar som er underlagde mållova.

I mangelen på offentlig grep har dugnadsmiljø teke saka i eigne hender. I fleire år har entusiastar arbeidd med å få fram versjonar på både nynorsk og bokmål av dataprogram på Linux-plattformar som kan vere reelle alternativ til dei marknadsleiande kommersielle programma. Desse Linux-baserte programma vil i prinsippet vere gratis for offentlege brukarar. Parallelt med dette har særleg nynorskmiljøa arbeidd målretta for å få dei marknadsleiande kommersielle programma på nynorsk, ikkje berre på bokmål. Hausten 2002 blei det klart at dette arbeidet har lykkast.

Slike posisjonar er ikkje etablerte ein gong for alle. No er det opp til staten gjennom sin bruk av det språkpolitiske prinsipp å sikre at begge dei norske målformene blir verande sjølvstøtt val på dataskjermene for norske pc-brukarar.

## 2.6. Det viktige nye tiltaket: Nynorsk leksikon

Når det no er klart at Norsk Ordbok 2014 blir realisert, er det brei semje i nynorskmiljøa om at eit digitalt nynorsk leksikon står øvst på lista over nyordningar som kan styrkje denne skriftkulturen. Eit slikt leksikon vil opne ein ny kanal for bruk av nynorsk. Førebels er nynorsk mindre brukt på Internett enn i aviser, bøker, radio og tv. Røynslene frå andre media syner eintydig at der nynorsken slepp til, er språket både funksjonelt og levande.

### Situasjonen

Store systematiske, kvalitetssikra og velredigerte kunnskapsbasar har lenge vore avgjerande for å sikre den felles kunnskaps- og kulturarven og kunnskapsproduksjonen i ein skriftkultur. I dag kjem ein ikkje utanom at slike kunnskapsressursar må finnast på ein digital plattform.

Det finst fleire gode og oppdaterte oppslagsverk på bokmål i digital form eller i vanleg papirutgåve. Nynorsk kultursentrum har utarbeidd dokumentasjon som syner at sidan 1840-åra har det kome så mykje som 60 allmenne leksikon på dansk, dansk-norsk, riksmål eller bokmål, men berre 2 på nynorsk. Det siste brukande nynorske leksikonet var *Norsk Allkunnebok* (10 band 1948–1966). Bokmål/riksmål har altså ein sterk, samanhengjande leksikontradisjon som nynorsk skriftkultur manglar heilt.

Nynorskbrukande miljø, organisasjonar og institusjonar har i meir enn ti år arbeidd for å få til eit nytt allment leksikon på nynorsk. I anbodskonkurransen 2001 om kunnskapsbase var omsynet til nynorsk tungt inne, men regjeringa Bondevik la bort alle tilboda.

FKA-komiteen bad hausten 2001 regjeringa kome tilbake til Stortinget om saka kunnskapsbase. Regjeringa la inn 7 mill kr til ein nasjonal kunnskapsportal i revidert nasjonalbudsjett 2002. Stortinget sa nei til denne måten å løyse saka på. Då hadde Kunnskapsforlaget alt fått 10 mill kr frå Fritt Ord til å utvikle vidare Store Norske Leksikon.

På eigen kostnad har Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum i 2002 fått fram ei utgreiing om *Nasjonal nynorsk kunnskapsbase* som klargjer innhald, teknisk plattform, økonomi og samarbeidspartar. Rapporten ligg til grunn for det vidare arbeidet. Ein søknad om midlar til eit avgrensa forprosjekt har derimot fått avslag frå Kultur- og kyrkjedepartementet med tilvising til stortingsavgjerda om revidert nasjonalbudsjett 2002.

Resultatet er såleis eit utilsikta status quo for nynorskbrukarane og for andre som søkjer leksikalsk, påliteleg informasjon på nynorske eller om nynorsk.

### Behova

**Sikre nynorsk som brukspråk for 500 000 brukarar:** Meir enn 500 000 nordmenn bruker nynorsk som førstespråk. I tillegg kjem alle andre som av ulike grunnar ønskjer informasjon på nynorsk eller om nynorsk. Dei nynorske miljøa står samla om at eit digitalt og allment

nynorsk leksikon vil vere det viktigaste nye tiltaket det komande tiåret for å sikre nynorsk som allment bruksspråk i framtida, også for nye generasjonar.

**Eit allment leksikon for heile landet:** Det trengst eit allment nasjonalt leksikon som dekkjer heile landet og det samla norske kulturelle mangfaldet. Ein leksikonbrukar i Nordland søkjer ofte etter anna stoff enn ein brukar i Hedmark. Norske leksikon er prega av den hovudstadsbaserte nasjonsbygginga dei ein gong var ein del av. Dei inneheld difor mest stoff som er gyldig for heile landet, mens regionalt stoff fell ut, t.d. omtale av Hans Kr. Eriksen.

**Det nynorske blikket:** Den nynorske skriftkulturen har sine egne referanserammer. Nynorskbrukarar må finne opplysningar i den målforma dei bruker, og dei må kunne kjenne igjen si eiga omgrepsverd, sin eigen kulturelle kvardag, og si eiga kulturhistorie. Svært lite av dette er med i dagens allmenne leksikon.

**Oppslagsverk for nynorskelevar:** Det er like viktig med redigerte og pedagogisk tilrettelagde oppslagsverk på nynorsk som lærebøker og ordbøker på nynorsk. Undervisninga i skulen dreg vekslar på eit mangfald av kjelder og kunnskapsstoff, ikkje minst digitale, som i stadig sterkare grad avløyser den tradisjonelle læreboka. No må nynorskelevane jamt over nøye seg med slike kunnskapskjelder på bokmål.

**Oppslagsverk for bokmålelevar:** Fleire hundre tusen bokmålelevar treng ei påliteleg kunnskapskjelde på nynorsk når dei arbeider med nynorsk som sidemål.

**Styrking av norsk språk:** Leksikon og andre kunnskapsbasar spelar ei nøkkelrolle i skjeringspunktet mellom fagspråk og allmennspråk, og har hatt mykje å seie for utviklinga av termar og fagspråk. Eit nynorsk leksikon vil såleis også vere eit vesentleg bidrag til utviklinga av nynorsk fagterminologi, kome bokmålet til gode og styrkje norsk språk generelt.

**Meir nynorsk på Internett:** Norsk språkråd har gjort systematiske søk i norskspråklege sider på Internett som syner at 6,5 % av desse var på nynorsk i 2001, mot 5,5 % i 1999. Nynorsk blir vesentleg mindre brukt på Internett enn i andre medium.

**Offentleg finansiering må til:** Når det ikkje lenger er kommersielt grunnlag for digitale kunnskapsbasar på bokmål, kan ikkje marknaden sjølv dekkje det nynorske behovet.

### **Politisk semje om behovet**

Kultur- og kyrkjestatsråden har ved fleire høve streka under at det både praktisk og økonomisk må leggjast til rette for at nynorsk kan tryggje og styrkje posisjonen sin, så vel som eit levande bruksspråk som eit likeverdig offisielt skriftmål ved sida av bokmål. Ved sida av å tryggje grunnlaget for etablerte nynorske institusjonar og ordningar, er eit nynorsk leksikon den aller viktigaste saka der slike mål må gjerast om til praktisk kulturpolitikk.

Begge dei sentrale komiteane i Stortinget har streka under kor viktig det er med nynorsktiltak i den vidare utviklinga av digital informasjon. *Budsjett-innst. S. nr. 2 (2001-2002)* frå kultur- og administrasjonskomiteen:

Utarbeidelse av en handlingsplan for norsk språk og IKT skal bl.a legge grunnlag for en samordnet utvikling av programvare, informasjonssystemer og språkteknologiske verktøy, både på bokmål og nynorsk.

*Innst. S. nr. 77 (2001–2002) frå kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen:*

Flertallet [alle unnateke Frp] ber Regjeringen sørge for at de språkpolitiske målsettingene om likestillingen mellom våre to målformer ivaretas ved etableringen av nasjonale digitale kunnskapsbaser.

### **Den billege løysinga: Nynorsk leksikon**

Det politiske grunnlaget for kunnskapsbase eller kunnskapsportal i den form som har vore omtalt til no, er i beste fall usikkert. Behovet for ei nynorsk løysing er derimot uendra. Vi ser difor ei anna løysing. I samarbeid med J. W. Cappelens Forlag vil Samlaget og Nynorsk kultursentrum over tre år bør det byggjast opp eit *Nynorsk leksikon* med to hovudstolpar:

- Ein leksikon med kjernestoff og utdjupingsstoff: 65 000 artiklar frå dagens Caplex blir omsette og supplerte med 3000 nyskrivne artiklar om nynorsk skriftkultur og over 100 000 artiklar frå eksisterande ordbøker på nynorsk.
- Eit nettbibliotek med minst 20 000 tekstsider frå sentrale skjønn- og faglitterære tekstar, både *på* og *om* nynorsk, lagt til rette ut frå behova i skuleverket og ut frå høge faglege krav til tekstpublisering.

**Låge kostnader og høg brukareffekt:** Samla etableringskostnader blir 17,2 mill kr, og årlege driftskostnader vil utgjere 1,9 mill kr. Målt i høve til utbreiing og bruk vil prosjektet *Nynorsk leksikon* vere eitt av dei billegaste kulturpolitiske reformtiltaka ein kan tenkje seg.

**Eit konstruktivt pilotprosjekt:** Mange offentlege og statlege instansar arbeider no med delprosjekt, meir eller mindre uavhengig av fellesnemnaren *Norsk innhald på nettet*. I offentleg forvaltning rår uvisse om korleis ein best går vidare med desse prosjekta. Her trengst samordning som kan sikre effektiv bruk av offentlege midlar slik at bl.a. dei språkpolitiske måla det er fleirtal for i Stortinget, blir følgde opp. Å gjennomføre planane om *Nynorsk leksikon* som eit fullskala pilotprosjekt vil gi svært nyttige røynsler for andre aktørar innanfor informasjonsteknologi.

Grunnlaget er lagt for eit kostnadseffektivt og brukarretta prosjekt. Det er pengane det står på.

## **Del 3: Museum, dokumentasjon og formidling**

### **3.1. Tre roller: dokumentasjon, formidling, aktør**

Dei tradisjonelle rollene for museumsinstitusjonane har vore å dokumentere (samle, arkivere, lagre) og formidle (utstillingar, arrangement). Ei tredje rolle kan og bør bli tydelegare inn i det 21. hundreåret: museet som aktør. Dette perspektivet kom tydeleg fram i *NOU 1996:7*, som framheva den rolla museum kan spele som dialoginstitusjonar, ”møtestader der den leksikalske monologen blir supplert med den søkjande og spørjande dialogen” (s. 39). Musea representerer fellesskapen i samfunnet, men skal samstundes verke for ein slik fellesskap. Gjennom kritisk verksemd kan museum samstundes utfordre denne fellesskapen ved å stille spørsmål, gå inn i viktige ordskifte i den offentlege samtalen, i seg sjølv stimulere til slik offentleg samtale, og utvikle nye innsikter. Denne funksjonen kan aldri bli for sterk. Vårt inntrykk er at museumsinstitusjonane har ein tung tradisjon for harmonisering og ein svak tradisjon for kritisk dialog. Kulturpolitikken bør stimulere til kontroversielle museum liksom ein søkjer mot det fornyande og kritiske i andre delar av kulturfeltet.

Som dialoginstitusjon kan museum søkje mot heilskap, det sektoroverskridande og det som er knytt til identitet. Dette trur vi blir berre viktigare i det tiåret som ventar. I Noreg er det registrert kring 800 museum og samlingar, fordelt på 700 administrative einingar. Bak grunnlegginga av dei fleste musea låg det ein ideologisk tanke eller idé om å vere ein identitetsmarkør eller –skapar. Likevel er musea overraskande passive i samfunnsdebatten, både på lokalt og nasjonalt plan.

Språk er altså ein viktig del av den kulturelle identiteten, og då blir det ikkje berre dei nynorske institusjonane som arbeider med språk. Institusjonane som blir påverka av den pågåande ABM-prosessen har språk som ein del av arbeidsfeltet sitt, både arkiv, bibliotek og museum. Institusjonar frå alle dei tre kategoriane spelar viktige roller i det kulturelle landskapet, og har tre overlappende funksjonar: Dei driv alle med dokumentasjon, dei driv alle med formidling, og, sjølv om dei alle er viktige aktørar i samfunnsdebatten, har dei alle potensiale til å bli meir synlege.

### **3.2. Dei nasjonale ABM-institusjonane**

Kulturmeldinga i 1992 streka under at det trongst ein del museumsinstitusjonar som var tydeleg nasjonale (s. 58). Som følgje av dette har ein del museumsinstitusjonar frå og med budsjettåret 1995 vore skilde ut som nasjonale i den forstand at dei i større eller mindre grad har landsdekkjande funksjonar på sitt område. For desse kjem dei offentlege driftsmidlane frå Kultur- og kyrkjedepartementet, utan spleiselag med fylke og vertskommunar.

Dei forpliktar desse institusjonane til ei særleg rolle i den nasjonale kulturpolitikken. I framlegg for statsbudsjett 2003 er det 16 slike museumsinstitusjonar. Den offisielle museumsstatistikken frå Norsk museumsutvikling for 2001 omfattar 521 institusjonar. Dokumentasjon som Nynorsk kultursentrum har utarbeidd, syner at dei 16 nasjonale institusjonane stod for 12 % av det samla publikumsbesøket og 15 % av samla driftskostnader i museumsbransjen. Dette illustrerer kor viktige slike nasjonale institusjonar er.

Etter at Stortinget handsama *St.meld. nr. 22 (1999–2000)*, er det sett i verk ein omfattande og sektoroverskrivande prosess for konsolidering og nettverksbygging for arkiv, bibliotek og museum, med særleg vekt på musea. I praksis inneber denne konsolideringsprosessen at det blir utvikla sterkare regionale museumseiningar.

Kva rolle dei nasjonale institusjonane skal spele i offentleg museumspolitik, og kven som bør ha ein slik funksjon, er derimot ikkje klarlagt, verken i stortingsmeldinga eller i drøftinga i Stortinget. Dei nasjonale institusjonane har valt nokså ulike strategiar for å møte denne opne situasjonen. Nokre går inn i regionale konsolideringar, somme utviklar heller nettverk. Mens konsolideringane kan og bør vere avgrensa regionalt, bør og kan nettverka vere både lokale, nasjonale og internasjonale.

Nynorsk kultursentrum legg stor vekt på at det framleis må finnast institusjonar som har eit særleg ansvar for det nasjonale nivået også i denne delen av kultursektoren, og at desse institusjonane er spreidde over heile landet. Å gjere slike nasjonale institusjonar avhengige av regionale spleiselag når kommuneøkonomien generelt er så dårleg som den er, vil innebere ei effektiv svekking av det nasjonale nivået i norsk kulturpolitikk.

### **Nettverk som verkemiddel**

Gode nettverk kan gi betre ressursutnytting og betre tenester for brukarane, og lettar arbeidet for dei institusjonane som er med. Den grunnleggjande føresetnaden for at slike nettverk skal bli vellykka, er at dei blir bygde opp nedanfrå, av dei som ønskjer å vere med, og at dei er gjensidig forpliktande for deltakarane.

Ivar Aasen-året 1996 gav nynorskmiljøa gode røynsler med tett samarbeid. Som ein direkte konsekvens av dette blei samarbeidsorganet *Nynorsk Forum* skipa i 1997. No er 17 institusjonar, organisasjonar og forretningstiltak med i dette forumet for erfaringsutveksling, kompetanseutvikling og prioritering av tiltak. Dette har ført til at nynorskmiljøa har prioritert klarare kva oppgåver som bør løysast, og drøfta korleis dei kan løysast. Arbeidet har gitt handfaste resultat, til dømes i form av nynorskversjonar av dei mest brukte kommersielle dataprogramma.

Røynslene frå eit slikt nettverk kan lett overførast til andre område av kulturlivet. I november 2002 arrangerte Nynorsk kultursentrum difor ein ABM-konferanse om litteraturformidling for å skape ein første møteplass for dei mange litterære musea og forfattarselskapa i landet. Berre det siste tiåret er det blitt skipa ei rad nye litterære selskap, ein tradisjon som har vore nokså lite foredla samanlikna med til dømes Sverige. I Noreg finst det no museum eller selskap som har ei tilknytning til meir enn 30 av dei fremste norske forfattarane. Det dokumentasjons- og formidlingsarbeidet desse utfører, er ein interessant del av norsk litteraturformidling generelt. Dei representerer ein stad-tilknytt autentisitet som er unik for deira verksemd. Til no har dei likevel vore unemnde både i litteraturhistoriske oversynsverk og i offentleg kulturpolitiske dokument.

Mange av forfattarselskapa blir skipa i samband med markeringar av runde år for forfattaren, eller ut frå brennande engasjement hos ein eller fleire eldsjeler. Når jubileet er over, eller når engasjement døyr ut, har slike selskap lett for å forsvinne. Som oppfølging av ABM-konferansen tek Nynorsk kultursentrum no initiativ til å etablere eit nasjonalt *Litterært forum*, eit nettverk av litterære museum og forfattarselskap, som i sum skal styrkje dokumentasjonen og formidlinga av dei enkelte forfattarskapane. Vi reknar med at dette nettverket blir formelt etablert hausten 2003.

### **ABM-Utvikling i språkpolitisk perspektiv**

Då Norsk kulturråd blei skipa i 1965, fekk den nye institusjonen straks klart definerte oppgåver overfor nynorsk skriftkultur. Det nye forvaltningsorganet ABM-Utvikling bør også få slike oppgåver og forpliktast innanfor rammene av offisiell norsk språkpolitikk. Så vidt vi kan sjå, tek ikkje *St.meld. nr. 22* opp nokon spørsmål knytte til dei språklege følgjene av konsolideringsprosessen. Museumssektoren har vore ein god brukar av nynorsk som administrasjonsspråk. Med den sentrale rolla ABM-Utvikling no skal spele, må det leggjast til grunn at den nye institusjonen også fører ein medviten språkpolitisk praksis.

I drøftingane om endringane i museumslandskapet, har det vore lagt lite vekt på administrasjonsspråket i dei nye museumseiningane. I Møre og Romsdal, til dømes, skal Nordmøre Museum, Romsdalsmuseet og Sunnmøre Museum få ansvar for kvar sin region. Av desse tre musea har berre Sunnmøre Museum nynorsk som administrasjonsspråk. Det fører til at museum som tidlegare har brukt nynorsk blir eit underliggjande bruk på eit bokmålsbrukande museum. Den nye museumsstrukturen kan difor føre til at mange lokale bygdemuseum må bruke eit anna skriftspråk enn det som har vore ein del av den lokale kulturen museet skal ta vare på og dokumentera.

Det har vore nokså lett å etablere oversyn over nynorskbrukande massemedium og kulturinstitusjonar av ymse slag. Førebels finst det ingen slik eksakt kunnskap om museumsbransjen. Ein ting er kva målform museum har som administrasjonsspråk. Vel så viktig kan det vere at språkbruk og ikkje-materielle kulturfenomen blir integrerte i deira samla kunnskapsbaserte formidlingsarbeid.

### 3.3. Dokumentasjon og forskning

#### Forholdet mellom dokumentasjon og forskning

Museum driv kunnskapsbasert formidling. Det har vore viktig at dei utviklar eigen kunnskap, basert på samlingane sine, og at dette skjer i systematiske, kritiske former. I seinare år ser det ut til at dokumentasjon er blitt ein stadig viktigare funksjon for musea. Omgrepet *dokumentasjon* ser derimot ut til å ha kome inn frå sidelinja. I den nyaste større museumsutgreinga, *NOU 1996:7*, ser det berre ut til å vere brukt i samband med identifisering, bestemming og registrering av gjenstandar (s. 73), altså som eit synonym for systematisk registrering. Vi trur det er kulturpolitisk ønskjeleg å gi omgrepet dokumentasjon eit meir presist innhald: *Dokumentasjon kan forståast som systematisk og kjeldekritisk bearbeiding av informasjon frå eigne samlingar eller innanfor det emnet det enkelte museet konsentrerer seg om.*

I eit slikt perspektiv blir skiljet mellom dokumentasjon og forskning lite skarpt. Eit museum som arbeider med dokumentasjon vil bruke forskarens metodar, men kanskje ikkje presentere dokumentasjonen i forskarens sjangrar som avhandlingar eller vitenskaplege artiklar. Vi meiner det er viktig at museumsinstitusjonane blir stimulerte til å utføre slikt dokumentasjonsarbeid. Her er mykje ugjort: Av dei musea som rapporterer til den årlege museumsstatistikken, er det berre ein femdel som har eigne dokumentasjons- og forskingsplanar. Museum er viktige formidlarar, men den som skal formidle, må ha noko å formidle som tilfredsstillar kunnskapssamfunnets krav til kvalitetssikring.

#### Ivar Aasen-instituttet

Ivar Aasen-instituttet blei oppretta i 1995, som eit frittståande forskingsinstitutt underlagt styret ved Høgskulen i Volda. Aasen-instituttet er tildelt knutepunktfunksjonen for nynorsk skriftkultur innan Noregsnett, og frå hausten 2002 tilbyr instituttet eit mastergardstudium i nynorsk skriftkultur. Aasen-instituttet har eit nært samarbeid med Nynorsk kultursentrum - der Ivar Aasen-instituttet primært driv med forskning og undervisning, driv Nynorsk kultursentrum med dokumentasjon og formidling. Desse to institusjonane ligg ei halv mil frå kvarandre, og alt ligg såleis godt til rette for å skapa eit godt og sterkt forskingsmiljø. Nest etter Nasjonalbiblioteket sit Nynorsk kultursentrum på den største samlinga av skrifter frå den nynorsk kulturhistoria.

### 3.4. Kulturpolitikk for barn er ikkje kulturpolitikk for unge

Det sektoroverskridande ved kulturpolitikken kjem særleg godt fram når emnet er kulturtilbod til barn og unge. Då blir det tydeleg at skulen er ein sær sær viktig kulturpolitisk arena.

#### Arrangement for barn og arrangement for unge

I offentleg kulturpolitikk er ”barn og unge” i lengre tid blitt omtalt og handsama som éi gruppe. Sidan opninga i 2000 har Nynorsk kultursentrum gjennomført over 200 kulturarrangement med nynorsk profil. Det er vår erfaring at desse aldersgruppene ikkje bør definerast som ei gruppe, men haldast klart frå kvarandre i utforminga av kulturpolitiske tiltak.

Vellukka kulturprogram for *barn* har gjerne følgjande ingrediensar

- Aktivitet: Forming, teikning, maling
- Framsyning: Forteljing, drama eller opplesing
- Leik: Spel, uteleik, konkurransar

Det ideelle er at barn kan kombinere desse elementa kring eit tema, til dømes årstider eller høgtider. Når barnearrangement inneheld desse tre ingrediensane, blir tilstellingane i praksis familiedagar. Heile familien kjem saman, gjerne fleire generasjonar, og bruker institusjonens samla tilbod i fleire timar, ikkje berre i den avgrensa tida ei framsyning varer.

Vellukka kulturprogram for *ungdom* har gjerne følgjande ingrediensar

- Ide/involvering/planlegging: Ungdommar må bli spurde om kva dei kan tenkje seg å få til, og dette må så få ei ramme som institusjonen kan gjennomføre. Ungdommane må involverast i heile planleggingsfasen.
- Framsyning: Konsert, drama, opplesing, debatt, foredrag, utstilling
- Oppfølging: Resultatvurdering i samarbeid med ungdommane.

Det ideelle er at ungdommane også er arrangørar under rettleiing frå ein institusjon, med det arbeidet dette medfører. Gruppa omtalt som ”ungdommane” kan gjerne vere ei klasse, ei gruppe frå ein organisasjon, kor, band eller grupper som tek initiativ utan å vere organisert i slike aktivitetar.

Kulturarbeid for barn og kulturarbeid krev altså ulik organisering.

Barn kan få eit tilbod som ein formidlar via barnehage, skule eller foreldre. Dette tilbodet er ”ferdig til bruk”. Det primære målet med dei enkelte arrangementa kan vere å skape eit gryande medvit hos barna om sin eigen kultur og sitt eige språk, og slik også leggje grunnlaget for interesse og openheit for andre kulturar og språk. (”Eg er meg og her bur eg, kven er du?”)

Ungdom bør derimot involverast i idéfasen. Utforminga av eit arrangement, planlegging i høve til innhald, kontakt med bidragsytarar, budsjett og marknadsføring må skje i samarbeid med dei involverte ungdommane. Om ideen kjem frå institusjonen eller frå dei unge, er uinteressant: Det viktige er at begge partar vil gjennomføre dette. Dei unge må få erfare at deira arbeid og innsats er nødvendig, og at deira kulturuttrykk er viktige og interessante. Ei oppleving av at deira arbeidsinnsats fører til eit konkret resultat som ein kan vere stolte av, og som ein ikkje ville ha oppnådd utan denne innsatsen. (”Eg er meg, eg trengst, det eg vil kan eg få til.”)

#### Den kulturelle skolesekken og sidemålsundervisninga

I dei komande åra vil vonleg ”Den kulturelle skolesekken” finne ei meir endeleg, men likevel fleksibel form. Gjennom vår erfaring med kulturformidling til barn og unge, og gjennom den kompetansen institusjonen sit med når det gjeld utøvarar, tema og prosjekt som kan knytast



til det nynorske, ønskjer vi å delta i denne prosessen, same kvar eit eventuelt kompetansesenter vil bli etablert.

”Den kulturelle skolesekken” kan bli eit viktig tilskot til sidemålsundervisninga viss elevane får møte kulturprogram på begge målformer og gjerne på ulike dialektar frå heile landet. Slik lærer dei også meir om seg sjølv: ”Eg er meg og her bur eg og her snakkar vi sånn og skriv sånn. Eg lurar på kvar han kjem frå som snakkar sånn?” Ein slik bruk av tiltak innanfor ”Den kulturelle skolesekken” vil byggje opp under det Nynorsk kultursentrum meiner er det viktigaste verkemidlet for ei vellukka sidemålsundervisning: At språket blir inkludert i ulike fag i ulike samanhengar slik at elevane blir vane til å forhalde seg til det andre språket som ein naturleg del av deira kvardag, og ikkje som eit grammatikalsk unntak. Dette vil auke den metaspråklege kompetansen deira, og slik har også den norske skulen eit eineståande høve til å gi elevane ein stor fordel når dei i neste omgang skal møte eit tredje og eit fjerde språk. Desse elevane skal leve i ein språkløyvd norsk kvardag. Det må ikkje gjerast til eit problem for dei. Elevar som møter begge målformene på ein god måte og som blir opne for sidemålet, får ein bonus ved at dei står mykje sterkare til både å kunne og vilje lære fleire språk.

### **Norsk Barneblad**

Dette bladet representerer ein norsk, ikkje-kommersiell kulturtradisjon og ein møteplass, særleg for unge jenter. Bladet har utvikla ein viktig nettstad som utfyller den møteplassen det trykte bladet kan vere. Mange har fått sine første tekstar på trykk nettopp i denne publikasjonen. Så langt har bladet greidd seg bra på eiga hand, utan særskilde støttetiltak, men det er grunn til å vere føre var og vurdere kva som bør eller kan gjerast frå styresmaktene si side for å sikre denne verdfulle tradisjonen og møteplassen.

## **3.5. Musikk og scenekunst**

### **På engelsk og nynorsk**

Det nynorske språket er bygt på dialektilfanget i Noreg, og det er ei vanleg og fagleg etablert vurdering at eit klart fleirtal av dei norske dialektane ligg nærmare nynorsk enn bokmål. Slagordet ”Tal dialekt, skriv nynorsk” frå 1970-åra speglar dette. Frå det same tiåret skriv norsk dialektrock seg. I det heile er mykje av den norske songtradisjonen prega av dialektnære tekstar. Bruk av dialekt har vore ein styrke, ikkje ein hemsko, i utbreiinga og bruken av desse tekstane. Det ser i det heile ut til at moderne norsk rock og pop er prega av spenninga dialekt/nynorsk og engelsk, medan standard bokmål er lite brukt. Dette har skjedd utan noka form for målretta tiltak, men strekar under verdien av dei allmenne støtteordningane for musikk og for formidlingstiltak av typen festivalar.

### **Nasjonale institusjonar**

Norsk teaterhistorie heng nøye saman med historia om norsk språkutvikling og den norske språkstriden. I fleire tiår har norsk scenespråk vore i utakt med den europeiske tradisjonen for høgstil ved at norsk talemål i svært ulike variantar har fått sin plass på norske scener. Teaterinstitusjonane har dermed ei dobbelt rolle: Halde ved lag norsk teaterkunst og sjølvstendig kunstnarleg uttrykk, og yte sitt til ei demokratisk språkutvikling. Det krevst kontinuitet for å lykkast med dette. Difor er det også viktig at norsk kulturpolitikk har rom for nasjonale institusjonar som kan arbeide over tid, samstundes som også desse må utsetjast for eit kritisk press.

I lys av dette spelar Det Norske Teatret ei uvurderleg rolle både innanfor nynorsk skriftkultur og innanfor norsk scenekunst generelt. Institusjonen har oppnådd resultat ved å ta

mål av seg til å vere kunstnarleg leiande, ikkje berre å vere best på nynorsk scenekunst. Difor er det også viktig at denne institusjonen blir styrkt.

Den nye operaen bør bli ein institusjon som også stimulerer ny scenekunst for opera på nynorsk. Nynorsk kultursentrum meiner den beste måten å få dette til på, er å utvikle målretta prosjekt i den lei.

### **Regionteater**

Det finst fleire regionale institusjonsteater som set opp nynorsk dramatik. Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane teater er døme på dette. Problemet er at denne dramatikken berre kan brukast av tilskodarane i deira eige fylke. Etter Nynorsk kultursentrum sitt syn bør regionteatra kunne setje opp stykke på andre scener enn dei som ligg i deira eigne regionar. Sogn og Fjordane teater har i haust hatt stor suksess med *HeXene* av Roald Dahl, her på nynorsk. Men det er berre publikum i Sogn og Fjordane som får sjå denne framsyninga. Utveksling av framsyningar mellom regionane må vere eit mål.

## **3.6. Festivalar og kulturarrangement**

### **Festivalar med litterær profil**

Festival-Noreg er etter kvart blitt stort og omfattande. I kulturmeldinga av 1992 blei desse institusjonane handsama som ein verdfull tilvekst i musikkformidlinga. Sidan den tid har det kome til ei rekkje festivalar som skil seg ut ved at dei har etablert møtestader mellom litterære og musikalske uttrykk, men der litteraturen er kjernen i verksemda. Slike litterære festivalar fint det fleire av:

- Bjørnson-festivalen, Molde
- Dei Nynorske Festspela, Ørsta/Volda
- Norsk Litteraturfestival, Lillehammer
- Hamsundagene, Hamarøy (og Grimstad frå og med 2003)
- Tor Jonson-dagene, Lom
- Ordkalotten, Tromsø
- Stavanger internasjonale litteraturfestival

Målt i publikumstal er dei fleste av desse små samanlikna med dei store musikkfestivalane. Ein vesentleg og kulturpolitisk viktig skilnad mellom musikk- og litteraturfestivalane er at musikkfestivalane i svært stor grad er reine formidlingsfestivalar, medan litteraturfestivalane utøver kritisk verksemd i tillegg til formidlingsarbeidet. Ut frå eit ønske om at kulturpolitikken skal fremje både engasjement og kritisk verksemd, er difor litteraturfestivalane eit verdfullt element i formidling på norsk.

### **År som markeringstiltak: behov for fornying**

Det siste tiåret er det gjennomført fleire vellykka År som kulturpolitiske markeringstiltak. Utgangspunktet for Ivar Aasen-året 1996 var hundreårsminnet for hans død, men dette blei gjort til ei brei kulturpolitisk markering av heile den nynorske skriftkulturen der det var lagt særleg vekt på oppfølging etter at året var omme. Suksessen stimulerte til eigne år for Alexander Kielland og Arne og Hulda Garborg, liknande markeringar for Henrik Ibsen i 2006 og Knut Hamsun i 2009 er i emning, og tanken om Sivle-markering i 2007 er skapt. Tusenårsskiftet 2000 blei markert i same lei, og Hundreårsmarkeringen 2005 er alt i gang.

Desse årsmarkeringane har vore formidlingstiltak der eit breitt spekter av verkemiddel og formidlingsformer har vore i bruk. Eit mylder av sjølvfinansierte tiltak har saman medmidlar frå det offentlege og frå sponsorar kombinert nytenking og utradisjonell formidling med velprøvde tiltak basert på dugnad og tradisjonsorientering. Så langt har slike

år dermed vore funksjonelle måtar å gjennomføre nye kulturpolitiske tiltak på. Som tiltaksform er ikkje åra gått ut på dato, men kravet til fornying og konsentrasjon vil melde seg. Blir det for mange slike kulturår, blir ein vesentleg del av mobiliseringseffekten borte. Det bør difor stimulerast til nytenking på området.

Nynorsk kultursentrum ønskjer å vere eit førsteval ved komande markeringar av litterære runde år med tilknytning til nynorsk skriftkultur. Den arrangementskompetansen vi sit inne med, bør kunne kome andre til gode, men på ein slik måte at verdfulle lokale initiativ kan nå fram med sitt.

### **Norsk kulturpolitikk mellom 2005 og 2014**

Det komande tiåret kjem norsk kulturliv til å forholde seg iallfall til tre symbolår:

- 100-årsminnet for unionsoppløysinga 1905
- 200-årsjubileet for Ivar Aasens fødsel i 2013
- 200-årsjubileet for Grunnlova i 2014

Dette bør også prege så vel form som innhald i kulturpolitikken.

2005 bør gi den norske nasjonen høve til å sjå seg sjølv i ein nordisk samanheng på mykje meir gjennomgripande måtar enn tilfellet er i den kulturpolitiske kvardagen. Det kan sjå ut til å vere noko av eit paradoks at brotet med Danmark i 1814 ikkje innebar eit kulturelt brot med danskane. Det oppstod ikkje noko tomrom som kunne fyllast av svensk påverknad og samarbeid. Heller ser det ut til at heile unionsperioden er prega av meir kulturelt samkvem med Danmark enn med Sverige. Dette kan seie noko om kor langsiktige dei kan vere, dei kulturpolitiske verknadene av både formelle og uformelle ordningar. Det arbeidet Hundreårsmarkeringen 2005 utfører fram mot 2005, kan altså vere med og kaste lys over forholdet mellom økonomi, politikk og kultur.

Det må kunne seiast at Ivar Aasen-året 1996 blei ein kulturpolitisk suksess. Det var eit viktig år for nynorskbrukarane, dei 1000 arrangementa i året var med og endra forståinga av Ivar Aasens liv og verk, og Året som kulturpolitisk verkemiddel er seinare blitt plukka opp av mange litterære miljø som vil framheve enkeltforfattarar – Kielland, Garborg, Ibsen, Sivle, Hamsun. I romet mellom 2005 og 2014 ligg 2013 godt til rette for ei markering av Ivar Aasens liv og verk som peikar forbi dei etablerte måtane å markere ein enkeltperson på.

2014 kan bli ein årelang festtale viss kulturlivet ikkje nyttar høvet til å leggje eit kritisk perspektiv til grunn for planane sine. Tiåret fram til denne markeringa kan gjerast til ein manifestasjon av evna til å fornye norsk kulturpolitikk.